

# BOKN KOMMUNE

## Kommunestyret

### Innkalling

**Møtedato:** 04.02.2020  
**Møtestad:** Allrommet, 2. etg. Boknatun  
**Møtetid:** Kl. 19:00

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melda frå så snart råd er, tlf. 52 75 25 00 eller e-postadresse: [post@bokn.kommune.no](mailto:post@bokn.kommune.no), slik at varamedlem kan bli innkalla. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på Boknatun. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utleverte i møtet. Dersom medlemmene på førehand ønskjer å gjere seg kjent med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengelege på rådhuset.

**Bokn kommune**  
Boknatun, 29. januar 2020

Osmund Våga  
Ordfører

---

Jan Erik Nygaard  
sekretær

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
001/20	Godkjenning av innkalling
002/20	Godkjenning av møteprotokoll
003/20	Interkommunal legevakt - status og vegen vidare.
004/20	Kommunal planstrategi 2019 - 2023 - merknader i høyringsrunden
005/20	Startlån - revidering av retningslinjer -Bokn kommune
006/20	Ansettelse av rådmann i Bokn kommune
007/20	Møtereclar for politisk valde i Bokn kommune

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

<b>Styre, utval, komite m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Kommunestyret	04.02.2020	001/20

<b>Saksansv. Gro Sørensen</b>	<b>Arkiv K1 - 033</b>	<b>Arkivsaknr 20/59</b>
-------------------------------	-----------------------	-------------------------

### Godkjenning av innkalling

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

<b>Styre, utval, komite m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Kommunestyret	04.02.2020	002/20

<b>Saksansv. Gro Sørensen</b>	<b>Arkiv K1 - 033</b>	<b>Arkivsaknr 20/59</b>
-------------------------------	-----------------------	-------------------------

**Godkjenning av møteprotokoll**

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	14.01.2020	004/20
Kommunestyret	04.02.2020	003/20

Saksansv. Jan Erik Nygaard	Arkiv K1 - 026, K2 - X27	Arkivsaknr 13/543
----------------------------	--------------------------	-------------------

### Interkommunal legevakt - status og vegen vidare.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i vedtaket som vart fatta av kommunestyret i 2016, samt det som er gjort greie for i denne saksutgreiinga, vil kommunestyret oppretthalde vedtaket i frå 2016. Bokn kommunestyret går med det inn for at kommunen skal delta i ei ny felles interkommunal legevakt lokalisert på Raglamyr til tross for at Haugesund kommune har valt å trekkje seg ut av samarbeidet.

#### Formannskapet 14.01.2020:

#### Behandling:

#### FS- 004/20 Vedtak:

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøysta vedtatt.

#### Kva saka gjeld:

Vegen vidare for etablering av ny interkommunal legevakt på Haugalandet. Saken er utarbeida i fellesskap mellom kommunane Sveio, Tysvær og Bokn, og er såleis eit felles saksutgreiing.

#### Bakgrunn for saka:

Kommunene på Haugalandet (Haugesund, Tysvær, Bokn, Sveio, Utsira og Karmøy) har sidan hausten 2013 arbeidet saman om ei utgreiing av interkommunal legevakt med kommunal øyeblikkeleg hjelp avdeling (KØH). Utgreiinga har vorte leia av Karmøy kommune. Initiativet til denne utgreiinga kom til etter eit politisk vedtak i Karmøy kommune våren 2013 kor det vart besluttet at det skulle utgreiast interkommunal legevakt med KØH lokalisert i aksen Norheim – Raglamyr.

Første del av utgreiinga vart gjennomført i 2014 – 2015, kor det mellom anna vart gjennomført ei felles ROS analyse, benchmarking og økonomiske berekning i regi av Agenda Kaupang. Med bakgrunn i dette arbeidet vart det lagt fram ein ny politisk sak i kommunanen Tysvær, Sveio, Bokn, Utsira og Karmøy våren 2015 kor det vart gjort nye vedtak om ei vidare utgreiing. Etter ein vidare utgreiingsprosess vart det våren 2016 lagt fram ein ny sak til politisk behandling i alle dei deltakande kommunane. I denne saka vart det med bakgrunn i ein rapport frå utgreiinga gjort rede for dei faglige og økonomiske fordelane/ulempene ein hadde analysert seg fram til med ein felles interkommunal legevakt med/utan KØH, samt at det i saka og var med anbefalingar frå styringsgruppa henta frå

rapporten kor det mellom anna vart peikt på aktuell lokasjon, driftsform og eventuell samlokalisering/samorganisering med andre tenester. I denne politiske behandlingrundten vedtok alle kommunane at ein no skulle arbeide vidare for å realisere ei ny felles interkommunal legevakt, men ut frå at vedtaka i kommunane vart noko ulikt formulert vart det på styringsgruppemøte 1.2.2017 beslutta at ein skulle avgrense det vidare arbeidet til å omhandle interkommunal legevakt lokalisert på Raglamyr utan avdeling for KØH og andre tenester, men at ein skulle ha ei målsetting om ei samlokalisering med ambulanse, og interkommunalt selskap i brann og redning som på det tidspunktet var i ferd med å etablerast.

I 2017 vart Haugaland brann og redning IKS stifta, eit selskap etablert av 9 kommunar. I 2018 vart det etter ei utredning om ny struktur i det nye selskapet fatta eit vedtak om at ny felles hovedbrannstasjonen skulle etablerast på Raglamyr. I juni 2018 valde Haugesund kommune å trekkja seg ut av det nyetablerte selskapet Haugaland brann og redning IKS.

Styringsgruppa for interkommunal legevakt valde med bakgrunn i dei politiske vedtaka i kommunane både i forhold til interkommunal legevakt og interkommunal brann og redning, at ein i det vidare arbeidet skulle planlegge for eit felles beredskapscenter kor ein såg for seg å samlokalisere interkommunal legevakt, ambulansestasjon, og Haugaland brann og redning IKS. Karmøy kommune som eigar av det som i utredningane var utpeikt som den aktuelle tomte på Raglamyr, påtok seg arbeidet med planlegging av beredskapscenteret som skulle romme dei tre aktuelle leigetakarane (interkommunal legevakt, Helse Fonna sin ambulandestasjon og hovedbrannstasjon for Haugaland brann og redning IKS).

Det vart i siste kvartal av 2018 og første kvartal i 2019 gjennomført eit konseptstudiet kor det vart utarbeida ei skisse av eit beredskapsbygg, med eit kostnadsestimat for alle leigetakarane. Det vart og i dette arbeidet synleggjort ytterligare synergieffekter ved ei samlokalisering av alle dei tre aktørane i eit felles bygg. Skissa vart utarbeida ut frå behova dei tre aktørane sjølve bragte med seg inn i prosjektgruppa for konseptstudiet frå sine interne arbeidsgrupper. Ei skisse over beredskapsbygget og kostnadsestimat vart presentert for styringsgruppa for interkommunal legevakt på møte den 20.03.2019.

I juni 2019 mottok Karmøy kommune som leiar av styringsgruppa for interkommunal legevakt, ei melding om at Haugesund kommune trakk seg frå arbeidet med å etablere ein ny felles interkommunal legevakt. Haugesund kommune begrunna dette med at føresetnaden som vart lagt for å delta i arbeidet mot ei felles ny interkommunal legevakt no ikkje var til stades, etter som bystyret i Haugesund kommune gjorde vedtak 13.06.2018 om å sei opp sitt deltakarforhold i Haugaland brann og redning IKS. Formannskapet i Haugesund kommune hadde såleis fatta eit politisk vedtak i møte 19.juni 2019 om å trekke seg frå den vidare utgreiinga om ei ny felles interkommunal legevakt på Raglamyr samlokalisert med ambulanse og Haugaland brann og redning IKS. I same sak hadde formannskapet i Haugesund fatta eit vedtak om å sjølve starte ein prosess som skal lede fram til anskaffing av lokaler for Haugesund brannstasjon og det som er dagens felles interkommunale legevaktordning.

Styringsgruppa for interkommunal legevakt har hausten 2019 jobba vidare med planen om etablering av felles interkommunal legevakt utan Haugesund kommune si deltaking. Dei økonomiske estimata er reviderte og syner nå ei interkommunal legevakt samlokalisert med ambulanse og Haugaland brann og redning IKS på Raglamyr.

#### **Saksutgreiing:**

1. *Interkommunal legevakt – faglege og økonomiske gevinstar.*

Utgreiingsarbeidet for felles interkommunal legevakt har pågått sidan 2013. Utgreiinga har bl.a resultert i ein rapport som vart lagt fram i samband med den politiske behandlinga i kommunane hausten 2016. I denne rapporten vart det greie ut om at ei felles interkommunal legevakt lokalisert på Raglamyr vil gi ein del faglege og økonomiske gevinstar for dei deltakande kommunane. Etter at det vart avklart at legevakten kunne samlokalisert med ambulanse og Haugaland brann og redning IKS har ein sett at det vil gi regionen og dei deltakande kommunane ytterligere økonomiske og faglege gevinstar, skissert nedanfor:

#### Faglege:

- Ei samla akuttmedisinsk beredskap i regionen, fleire legar på vakt, minskar samtidskonflikter.
- Utrykking av fleire aktørar vert frå ein lokasjon – kan gi raskare og felles respons.
- Ei plassering på Raglamyr gir rask og enkel adkomst frå E39 og E134, og det er fleire utrykningsaksar inn og ut frå legevakten frå kommunane i regionen.
- Synergieffekt ved felles utrykking mellom legevakt, ambulanse og/eller brann og redning.
- Styrka akuttmedisinsk fagmiljø ved at alle fagpersonar vert samla på ein lokasjon.
- Ein større legevakt med høg fagleg kvalitet vil ha ei betre rekruttering av fastlegar til legevakt.
- Bättre rom og moglegheit for samøving i legevakt, samt i fellesskap med med brann og redning og ambulanse.
- Auka tryggleik for ansatte, fleire på jobb samstundes.
- Redusert vaktbelastning for legane.

#### Økonomiske:

- Stordriftsfordelar i drift med tanke på administrativ leiing, fagleg leiing, og fagpersonell.
- Stordriftsfordelar med tanke på eit felles bygg og sambruk av deler av lokala i bygget.
- Lettare å innfri kompetansekrava for legar i den akuttmedisinske forskrifta etter som fleire legar er på vakt samtidig. Med fleire legar på vakt på same lokasjon vil behovet for bakvakt grunna manglande oppfylgjing av kompetansekrava verte redusert.
- Lågare driftskostnadar samanlikna med dagens løysing for legevakt for alle kommunane dersom alle kommunane går saman i ei felles løysing.

#### Moglichkeiten:

- Eit felles regionalt senter med brann, ambulanse og legevakt kan gi moglegheit for på eit senare tidspunkt å utvide til interkommunale samarbeid om andre funksjonar/beredskapsfunksjoner som til dømes regionalt responscenter for trygghetsalarmer og liknande.

Etter at Haugesund kommune trakk seg frå samarbeidet om ny felles interkommunal legevakt samlokalisert i eit beredskapscenter på Raglamyr har dei økonomiske estimata vorte gjennomgått og kvalitetssikra på nytt. Dei økonomiske konsekvensane knytta til etablering utan Haugesund kommune er i hovudska knytta til driften av legevaktenesten, etter som bemanningen må endrast noko medan beredskapsnivået må oppretthaldast. Haugesund sitt val om å trekkje seg får ingen konsekvenser for dei andre kommunane knytta til kostnadar for lokaler og drift av desse, etter som Karmøy kommune har beslutta at dei ynskjer å nytte noko av areala i bygget som er skissert til eigne kommunale tenester.

#### 2.0 Økonomi

Estimatet for interkommunal legevakt viser dagens kostnader for legevakt i kommunane (reknskapstal frå 2018), estimerte kostnader for 2020 basert på dagens løysing, samt kostnader for ny felles interkommunal legevakt i eit felles beredskapssenter utan Haugesund kommune. Estimatet inkluderer administrasjonskostnader, og kostnader til leige og drift av lokaler i eit felles bygg. Dagens interkommunale legevakt i Haugesund er på 380 kvm. Ny felles interkommunal legevakt er på ca.1066 kvm. Det vart i oktober 2019 tilsatt ein lege 2 på dagtid i dagens interkommunale legevakt i Haugesund, noko som medfører ei auke i budsjettet for dagens løysing på om lag 1,3 mill. Denne kostnaden er ikkje medrekna i estimatet under dagens kostnader etter som det er 2018-tal, men den er medrekna i dei estimerte kostnadane for ny felles interkommunal legevakt.

Kommune	Innbyggere pr. 4.kvartal 2018	Dagens legevaktkostnader (regnskap) 2018	Dagens legevaktkostnader (2018) stipulert til år 2020 tall	Ny Total	Endring i kostnader for interkommunal legevakt vs dagens ordning
Karmøy***	42 161	16 391 732	17 389 988	19 785 606	-2 395 618
Haugesund		11 765 588	12 482 112	0	
Tysvær	11 028	3 592 330	3 811 103	5 133 622	-1 322 519
Sveio	5 721	1 871 019	1 984 964	2 669 792	-684 828
Bokn	840	321 272	340 837	437 316	-96 479
Utsira	196	124 389	131 964	147 033	-15 069
VESS kommunene	21 211	2 610 116	2 769 072	2 769 072	
<b>Sum</b>	<b>81 157</b>	<b>36 676 446</b>	<b>38 910 042</b>	<b>30 942 441</b>	<b>-4 514 512</b>

Etter at Haugesund kommune i juni 2019 valde å trekke seg frå arbeidet med etablering av ny felles interkommunal legevakt samlokalisert med ambulanse og Haugaland brann og redning IKS, invitert Haugesund kommune hausten 2019 dei andre kommunane inn til eit evalueringsmøte av dagens legevakt. I same møte vart det orientert om ein plan for ei vidareføring av dagens løysing av interkommunal legevakt som Haugesund driftar. Karmøy kommune har i samband med dette gitt tilbakemelding til Haugesund kommune om at dei ikkje vil ta del i ei vidareføring av dagens legevaktordning, og viser til sitt politiske vedtak frå mai 2015, kor Karmøy kommune dersom ein ikkje klarer å etablere ein ny felles interkommunal legevakt på Raglamyr vil etablere ein eigen legevakt for heile Karmøy kommune sin befolkning.

Karmøy kommune har i dag ein avtale med Haugesund kommune om legevaktsdekning for dei om lag 12 000 innbyggjarane i Karmøy kommune som bur på fastlandssida i kommunen og på nord-Karmøy. Regnskapet for Karmøy kommune for 2018 viser at denne avtalen hadde ei kostnadsramme på 4 millionar kroner.

#### Vurdering:

Kommunane på Haugalandet står ovanfor ein viktig beslutning når dei no skal avgjere korleis den akuttmedisinske beredskapen skal organiserast for kommunane. I utredningsarbeidet som har pågått har ein hatt stort fokus på at ein stor og felles interkommunal legevakt for kommunane vil kunne gi tenester til alle innbyggjarane i regionen med høg fagleg kvalitet, og være ei robust og solid løysing for å innfri krava i akuttberedskapen i regionen. Ei felles løysing vil og som utredninga syner gi gevinstrealisering både fagleg og økonomisk.

Dersom kommunane ikkje klarer å samle seg om ei slik felles løysing ser ein at dette med høg sannsynlighet vil kunne medføre ei svekka akuttmedisinsk beredskapsteneste for regionen. Dersom det blir ei etablering av fleire mindre legevaktssentre i regionen vil dette i tillegg kunne medføre



utfordringar knytta til rekruttering av sjukepleierar, legar og liknande.

Dersom kommunane no gjer vedtak om ei løysing for legevakt som medfører at det ikkje vert etablert ein ny felles interkommunal legevakt for kommunane i eit felles beredskapssenter, men vel å gå for ei vidareføring av dagens legevaktsordning i Haugesund, vil denne løysinga truleg ha ei kostnadsauke med det som i dag er Karmøy kommune sin andel i dagens legevakt i Haugesund. I tillegg til kjem kostnaden til ekstra lege på dagtid som er skissert ovanfor. Dagens løysing i Haugesund kommune vil slik det er estimert dermed ha ei budsjettauke med om lag 5,3 millionar som må fordelast på dei andre kommunane dersom dei vel å slutte seg til ei vidareføring av dagens legevaktssamarbeid i Haugesund. Haugesund kommune har pr i dag ein avtale om leige av lokaler for drift av eksisterande legevakt som går ut i 2024. Det er ikkje beslutta kor driften etter 2024 vil være lokalisert då prosessen for å finne ny lokalsjon er pågåande.

Kommunane har eit samfunnsansvar å nytta ressursane på best muleg måte til beste for innbyggjarane. Tysvær, Sveio og Bokn kommune skulle ynskje at kommunane på Haugalandet kunne gå saman om felles prosjekt på eit så viktig område. Når så ikkje er status, må kommunen ta til etterretning at det nå vert eit val mellom å halde fram i eksisterande legevaktssamarbeid i Haugesund, eller å halde fast på tidlegare vedtak frå 2016 om å gå inn for eit samarbeid om ei ny felles interkommunal legevakt på Raglamyr samlokalisert med ambulanse og Haugaland brann og redning IKS.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	14.01.2020	003/20
Kommunestyret	04.02.2020	004/20

Saksansv. Jan Erik Nygaard	Arkiv K1 - 131	Arkivsaknr 19/360
----------------------------	----------------	-------------------

### Kommunal planstrategi 2019 - 2023 - merknader i høyringsrunden

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bokn kommune vedtek framlegg til Kommunal planstrategi for perioden 2019 – 2023. Vedtaket er gjort med heimel i § 10-1 i plan- og bygningslova.

#### Formannskapet 14.01.2020:

#### Behandling:

#### FS- 003/20 Vedtak:

Formannskapet rår til at rådmannen sitt forslag til vedtak vert vedtatt. Vedtaket var samrøysta.

#### Kva saka gjeld:

Endeleg godkjenning av kommunal planstrategi for perioden 2019-2023.

#### Bakgrunn for saka:

Bokn formannskap vedtok i sak 058/19 å leggje ut framlegg til Kommunal planstrategi for Bokn kommune 2019 – 2023 til offentleg høyring, med uttalefrist 09. desember 2019.

I samsvar med vedtaket i saka, vart planframlegget avertert og sendt til ei rekkje instansar med høyringsfrist 09.12.2019.

Fylkesmannen i Rogaland fekk etter søknad utsett frist til 16.12.2019.

Det kom inn fråsegn frå 8 offentlege instansar i høyringsrunden, og frå 1 privatperson.

#### Saksutgreiing:

Dei einskilde merknadane er referert i kortform, og kommentert nedanfor.

Dei fullstendige uttalebrev ligg ved saka.

#### Mattilsynet avdeling Sunnhordland og Haugalandet, 22.11.2019

Mattilsynet ber om å få tilsendt Hovudplan for vatn og avlaup, Plan for fiskeri og havbruk, Bredskapsplan for vassforsyning og Kriseplan for vassverket når desse planane vert laga.

### Kommentar

Mattilsynet er ein naturleg samarbeidspartnar og høyringsinstans knytt til dei planane som er nemnt ovanfor.

### NVE, 22.11.2019

NVE saknar tydelegere fokus på tema knytt til klimaendringar og kva konsekvensar dette har/ kan ha for kommunen og arealbruken i planperioden. Overvatn, flom i vassdrag og eventuell auka fare for ulike skredhendingar er tema som bør takast opp til vurdering i revisjon av arealplanen. Ved oppstart av planarbeidet viser NVE til ei rekkje vegleiarar og verky som bør nyttast i planarbeidet.

### Kommentar

Kommunen har under revisjon Energi og klimaplanen, og denne saman med dei verky og vegleiarar NVE viser til, vil verta nytta i arbeidet med utarbeiding av arealdelen av kommuneplanen.

### Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS, 27.11.2019

HIM føreset at den lokale renovasjonsnorma for HIM - kommunane vert lagt til grunn for det vidare planarbeidet.

Det vert gjort greie for ei rekkje krav som bør/må oppfyllest knytt til ulike avfallsløysingar, og det vert i samband med dette vist til fleire lenke som det må takast omsyn til i det vidare planarbeidet.

### Kommentar

HIM sine merknader vil verta teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

### Rogaland fylkeskommune, 27.11.2019

Regionalavdelinga i fylkeskommunen peikar på at det i tillegg til dei overordna føringane som ligg til grunn for dei strategiske vala som er gjort i samfunnsdelen, hadde vore ei føremon om konkrete forventningane frå regjeringa til kommunal planlegging som passar kommunen sine utfordringar og satsingsområde vert innarbeid i planstrategien. Desse forventningane vil og vera eit kunnskapsgrunnlag for å vurdere planbehovet.

Det vert i samband med dette vist til dei mest sentrale føringane som er samla i « Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019 – 2023.»

Når det gjeld revisjon av planar, oppmodar fylkesrådmannen kommunen om å gjera ei enkel vurdering som forklarar kvifor kommunen skal revidere kommunen sin arealdel og kva for nasjonale, regionale og lokale samfunnsutfordringar planen skal løyse.

Fylkeskommunen ventar mellom anna at kommunen vurderer trongen for revisjon av arealdelen oppimot nasjonale forventningar til kommunal planlegging knytt til fiskeri og havbruk og forventningane i regionalplan sjøareal havbruk.

Fylkesrådmannen viser elles til uttalen til samfunnsdelen der også andre viktige tema for rullering av arealdelen vart nemnt: Styrke Føresvik som sentrum, ta vare på jordbruksareal og unngå privatisering av strandsona for å sikre allmenn ferdsel og rekreasjon. Fylkesrådmannen oppmodar også kommunen særskilt til å vurdere korleis kommunen vil imøtekomma klimautfordringa og det grøne skiftet.

Når det gjeld dei reguleringsplanane som er føreslege prioritert i planstrategien, ventar fylkesrådmannen at desse reguleringsplanane følgjer opp føringane i gjeldande kommuneplan. Om ikkje, må ønska arealbruksendringar først avklarast i revisjonen av arealdelen til kommuneplanen.

I tilknytning til planstrategien sitt framlegg om ulike temaplanar, viser fylkerådmannen til at det kan vere ein fare at summen av temaplanar med ulik tidshorisont kan bidra til å svekke kommuneplanen som det langsiktige strategiske dokumentet i kommunen. Fylkesrådmannen ber kommunen vurdere om ein skilde langsiktige tematiske kommunedelplanar og temaplanar bør fasast ut, og heller forankrast i kommuneplanen. Til dømes oppmodar fylkesrådmannen kommunen til ikkje å lage ein eigen temaplan for fiskeri og havbruk. Desse to satsingsområda må integrerast i revisjonen av arealdelen til kommuneplanen kor arealbehova til både fiskeri og havbruk på land og i sjø må takast omsyn til.

Når det gjeld planar som kunnskapsgrunnlag for arealdelen, vert kommunen oppmoda til å gjennom lista over gjeldande planar og vurdere kva planar som skal opphevast og kva planar som skal reviderast. Etter fylkesrådmannen sitt syn, får kommunen då eit klart vedtak på kva planar som gjeld og ikkje gjeld i perioden. Fylkesrådmannen oppmodar kommunen til ikkje å bruke gamle planar som kunnskapsgrunnlag. Det er kome til nye føresetnader, ny kunnskap og nye arealbehov.

I tilknytning til temaet kulturarv, viser fylkesrådmannen til at kulturminne er ei ikkje fornybar kjelde til kunnskap og oppleving. Kulturminne er ein ressurs til god lokal kultur-, samfunns- og næringsutvikling og er eit relevant tema i mange ulike planområde. Fylkerådmannen er kjent med at kulturminneplanen for kommunen er under utarbeiding, og når denne er ferdig kan prioriteringar, tiltak og registreringar brukast i andre planar. Spesielt kan kommunen vurdere korleis dei vil fylgje planen opp i kommuneplanens arealdel samt områdeplanane som er planlagt, men og i folkehelse-, oppvekst- og klimaplan.

### Kommentar

Den nyleg vedtekne samfunnsdelen til kommuneplanen inneheld ei grundig vurdering av utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon.

Det synest lite føremålstenleg å ta desse vurderingane og konklusjonane inn i planstrategidokumentet, både av omsyn til ynskjet om å gjere dokumentet så kortfatta og poengtert som mogeleg, og avdi samfunnsdelen av kommuneplanen vart vedteken av kommunestyret så seint som 01.10.2019.

Det må difor kunne leggjast til grunn av samfunnsdelen må nyttast som det utfordringsdokumentet for planstrategien som ein skilde kommunar utarbeider.

Når det gjeld dei sentrale føringane fylkesrådmannen viser til, er desse inntekne i planstrategidokumentet, og konkretisering vil verta gjort i tilknytning til det vidare arbeidet med arealdelen av kommuneplanen.

I arbeidet med planprogrammet for denne, vil det verta føreteke ei nærare vurdering av kva deler av planen som skal reviderast, og kva for nasjonale, regionale og lokale samfunnsutfordringar planen skal løyse.

Fylkesrådmannen sine merknader knytt til tema for revisjon av arealdelen, og arbeidet med dei reguleringsplanane som er påtenkt, vil verta teke omsyn til i det vidare arbeidet.

Kommunen er merksam på faren for at summen av temaplanar med ulik tidshorisont kan bidra til å svekke kommuneplanen som det langsiktige strategiske dokumentet i kommunen.

Likevel er det nok slik, at kommuneplanarbeidet må reknast som ein kontinuerleg prosess, og ulike

temaplanar utan dei strenge krava til handsamingsprosess som gjeld for kommuneplanar, kan gje eit raskare beslutningsgrunnlag innafor einskilde fagfelt, utan at dette kjem i motstrid til den overordna planen.

Slike oppdaterte temaplanar kan og bidra til nyttig kunnskapsgrunnlag når overordna planar skal utarbeidast, jfr. Fylkesrådmannen sin merknad om at gamle temaplanar ikkje bør nyttast som kunnskapsgrunnlag.

Fylkesrådmannen sin merknad knytt til bruk av den kulturminneplanen som er under arbeid, understrekar nytten av temaplanar som kunnskapsgrunnlag for andre planar.

Også når det gjeld temaplanar, vil det måtte gjerast ei prioritering ut frå behov og kommunen sin plankapasitet, og det oversynet som er laga over gjeldande planar skulle gje eit godt grunnlag for å føreta ei slik prioritering.

Lista over gjeldande planar er revidert slik at det er samsvar mellom denne og konklusjonen i planstrategien med omsyn til kva planar som skal reviderast.

#### Statens vegvesen, 03.12.2019

Statens vegvesen meiner at det er positivt at trafikktryggleiksplanen er plassert høgt på prioriteringslista. Denne planen bør vera ferdigstilt i god tid før Rogaland fylkeskommune sitt handlingsprogram vert laga, slik at tiltaka kan verta inkludert i fylkeskommunen sine tiltaksplanar. Revisjon av heilskapleg ROS og beredskapsplan er også viktige punkt som både Statens vegvesen og Rogaland fylkeskommune ynskjer å verta involvert i.

#### Kommentar

Statens vegvesen sine merknader vil verta teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

#### Direktoratet for mineralforvaltning, 04.12.2019

DMF registerer at Bokn kommune vil vurdere kommunen sitt faktiske behov for mineralressursar i eit lengre tidsperspektiv i arbeidet med arealdelen av kommuneplanen. DMF har dermed ikkje andre merknader eller innspel til kommunal planstrategi for Bokn kommune 2019-2023.

#### Kommentar

Direktoratet for mineralforvaltning sine merknader vil verta teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

#### Fiskeridirektoratet, 09.12.2019

Fiskeridirektoratet viser til det som vert sagt om ressursbasert næringsutvikling i dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging:

*«Norge skal være en ledende havnasjon, og havbasert verdiskaping er viktig for sysselsetting langs hele kysten. Potensialet for ytterligere vekst er stort og regjeringen ønsker å bidra til å realisere dette. Samtidig er kystnære sjøområder viktig for mange og til dels motstridende interesser. Det gjelder næringsvirksomhet, transport, forebyggings- og beredskapstiltak, forsvar, rekreasjon, friluftsliv, naturmiljø, landskap og kulturminner. Bruken av sjøarealene har økt, og det er behov for bedre arealplaner med et regionalt og interkommunalt perspektiv. Regjeringen legger vekt på at det skjer en samordning mellom myndigheter og lovverk gjennom planarbeidet. Ny kunnskap og digitale verktøy gir fylkeskommuner og kommuner et bedre grunnlag for planleggingen.*

*Regjeringen vil legge til rette for økt verdiskaping og arbeidsplasser basert på havets ressurser, og for forutsigbar og bærekraftig vekst i oppdrettsnæringen. Regjeringen prioriterer også arbeidet for rent hav og en lønnsom utvikling av havbruksnæringen. Fylkeskommunal og kommunal planlegging er viktig for å sikre fiskeri- og havbruksnæringenes langsiktige arealbehov, samtidig som andre samfunns- og miljøinteresser blir ivaretatt.*

*(...) Det er viktig at fylkeskommuner og kommuner samarbeider med næringslivet og statlige myndigheter for å finne bærekraftige løsninger og god samordning mellom plan- og bygningsloven og sektorlover. Arealer for ulike typer akvakultur, inklusiv mobile anlegg, avklares gjennom regionale og kommunale planer. Det er her viktig å ta hensyn til utvikling av ny teknologi og nye typer havbruksinstallasjoner, herunder havbruk utenfor kysten. Det kan føre til at nye områder kan tas i bruk.»*

Direktoratet viser vidare til at regjeringa med bakgrunn i dette har formulert fylgjande forventningar til planarbeid i sjøområde:

- *Fylkeskommunene og kommunene vurderer arealbruken i strandsonen langs sjøen og i og langs vassdrag i et helhetlig og langsiktig perspektiv, og tar særlige hensyn til naturmangfold, kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.*
- *Fylkeskommunene og kommunene avsetter tilstrekkelig areal til ønsket vekst i oppdretts- og havbruksnæringen gjennom oppdaterte planer, som også ivaretar miljøhensyn og andre samfunnsinteresser. Strategier for utvikling av havbruk utenfor kysten inngår i planene.*

Fiskeridirektoratet region Sør vurderer dei nasjonale forventningane som svært viktige, og som ein sentral del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Det sam gjeld FN sine 17 bærekraftsmål. Direktoratet ser det difor som positivt at Bokn kommune har omtala bærekraftmåla og nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging under punktet «*Overordna føringar som har betydning for kommunen sitt planbehov*». Det same gjeld regionale føringar og planer.

Direktoratet viser til at fiskeri- og akvakulturnæringa med tilhøyrande avleia verksemd er viktige bidragsytarar og betydelige næringsaktørar i Bokn kommune.

Med bakgrunn i eit stadig aukande press på kyst- og sjøområda, peikar Fiskeridirektoratet behovet for betre og oppdaterte arealplanar med eit interkommunalt perspektiv. Slik sett ser direktoratet det positivt å sjå at «*Bokn kommune prioriterer for interkommunalt samarbeid*» og at det er ynskje om å utarbeide temaplan for fiskeri /havbruk, der det er peikt på avklaringsbehov ift regionalt planarbeid som sikrar kommunen sine planinteresser.

Fiskeridirektoratet finn at framlegget til kommunal planstrategi for Bokn kommune gir eit godt oversyn over viktige rammer og føringar for planarbeidet. Og at det også er ein god beskrivelse av utviklingstrekk og viktige utfordringar, utgreiingsbehov, og kva planoppgåver som vert prioritert i perioden.

Direktoratet ser fram til revidering av arealdelen av kommuneplanen, der «*omfang av revideringa vert nærare avklara i planprogrammet*». Det vert peika på at det også er viktig med hovudplan for vatn og avlaup og energi- og klimaplan, likeeins at det vil være viktig at arbeid med ny arealdel inkluderer sjøområda, og det kan også vurderast kommunedelplan for, eller fokus på, naturmangfald og tiltak mot plast- og marin forsøpling. Dette vil vera sentralt og avgjerande for å kunne bidra til å nå fleire av FN sine bærekraftsmål med tilhøyrende delmål.

Det vert vidare gjeve ein del råd når det gjeld det vidare planarbeidet, knytt til at havbruksnæringa vert omfatta av kommunen sine planar, mellom anna gjennom ein strategisk næringsplan eller ein interkommunal plan for næringsutvikling.

Det vert og rådd til at planlagde inngrep eller aktivitetar som kan påverke livet i sjøen, vert søkt lokalisert der dei gjer minst skade på miljøet, slik at skade på naturtyper som er sjeldne eller sers verdfulle vert hindra.

Fiskeridirektoratet er oppteken av at sjøbotnen i minst mogleg grad vert påverka og bandlagt. Alle typer røyr, leidningar og kablar som krev bruk av sjøbotnen bør så langt det er mogleg leggest samla i felles trasé

Direktoratet rår til at kommunen vurderer ein overordna plan for slike tiltak i sjø, eventuelt som ein del av ein utvida kommunedelplan som for t.d. for småbåthamner.

Etter Fiskeridirektoratet si vurdering bør alle kystkommunar ha ein strategi for lokalisering og utbygging av småbåthamner.

#### Kommentar

I planprogrammet for arealdelen vil det verta teke endeleg stode til kva delar av arealdelen som skal reviderast. Ut frå arbeidet med samsfunnsdelen av kommuneplanen er det naturleg å tru at forvaltning av kystsona og sjøarealet vil verta verta eit sentralt tema, både ut frå at dei fleste tiltak på land vil ha tilknytning til strandområdet, og då fiskeri og akvakultur er ein viktig næringsaktivitet i kommunen.

Fiskeridirektoratet og lokale representantar for næringa vil vera viktige medspelarar og bidragsytarar i det vidare arbeidet med planprogrammet og arealdelen av kommuneplanen, og merknadane frå Fiskeridirektoratet vil verta teka omsyn til i dette arbeidet.

#### Fylkesmannen i Rogaland, 17.12.2019

Fylkesmannen støttar kommunen si vurdering om å berre revidera arealdelen den komande planperioden, ettersom samsfunnsdelen nyleg blei vedtatt. Elles finn Fylkesmannen at planstrategien er for generell og derfor mindre eigna som eit strategisk verktøy for å vurdere kommunen sitt øvrige planbehov.

Fylkesmannen viser til at det er avgjerande at kommunane baserer samsfunns- og arealplanlegginga på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag. Kommunane sitt arbeid med planstrategiane skal sikra at planane er oppdaterte for å møte framtidige behov.

Fylkesmannen finn planstrategien svært generell og at den i for liten grad vurderer relevante utfordringstema i kommunen. Dette svekker etter Fylkesmannen si oppfatning, planstrategien som eit strategisk verktøy for vurdering av kommunen sitt planbehov.

Når det gjeld folkehelse har Fylkesmannen følgjande merknader:

*«Å fremma helse og å motverka sosiale helseforskjellar er ei viktig oppgåve som skal ivaretakast i planlegging etter plan- og bygningslova, jf. pbl. § 3-1 f). Etter folkehelselova § 6 skal kommunen knyta folkehelsearbeidet til arbeidet med kommunal planstrategi og til kommuneplanar etter kap. 11 i plan- og bygningslova.*

*Når det gjeld kunnskapsgrunnlaget som skal ligge til grunn for planarbeidet og arbeidet med kommunal planstrategi har kommunen plikt til å ha oversikt over aktuelle folkehelseutfordringar, jf. folkehelselova § 5. I kommunen sitt forslag til planstrategi blir det ikkje vist til eit slikt oversiktsdokument. Planstrategien drøftar heller ikkje folkehelseutfordringane tilstrekkeleg i høve til lovas krav. I punkt 6.1.4 i kommuneplanen blir det vist til at det eksisterande oversiktsdokumentet for folkehelseutfordringar skulle vera oppdatert og revidert innan hausten 2019. Det går ikkje fram av planstrategien at dette er følgt opp. Dersom kommunen meiner at folkehelseutfordringane er ivaretatt i planar som skal førast vidare, skal det gå fram av planstrategien at dette er vurdert og grunnlagt.*

*Me saknar ei vurdering av kommunen sitt planbehov opp mot viktige nasjonale satsingsområde innfor folkehelse; me viser i den samanhangen særleg til regjeringa si kvalitetsreform «Leve hele livet». Me saknar òg vurderingar knytt til prioritering av bustadsosialt arbeid, sosial ulikskap, utsette born og unge mv.»*

I tilknytning til temaet klima- og klimatilpassing, viser Fylkesmannen til at kommunen sitt val om å utarbeide ein vassdragsplan som kunnskapsgrunnlag for arbeidet med rullering av kommuneplanen, er fornuftig.

Det vert vist til at vassdrag og vassveggar er viktige premisser for å ivareta mellom anna naturmangfald og klimatilpassing i arealplan. Det same gjeld kystsonen. Hovudplan for vatn og avløp er òg etter Fylkesmannen sitt syn, eit godt grunnlag for planlegging og klimatilpassing. Ny energi- og klimaplan er eit velkomne grep.

Fylkesmannen peikar på at iflg. dei statlege planretningslinene for klima- og klimatilpassing (SPR-klima) skal planstrategi «beskrive utviklingstrekk og utfordringar, herunder knyttet til dagens og framtidens klima. Både eksisterende og ny kunnskap om klimaendringar og konsekvenser av dette, som nye farekart og lignende bør vurderes og omtales her. For eksempel kan framtidige klimaendringar føre til at områder som til nå har vært ansett som sikre, ikke lengre innfrir kravene i plan- og bygningsloven». Retningslinjene seier òg at kommunen i sin planstrategi skal vurdere om det er naudsynt å oppdatere eksisterande planar i lys av klimaendringane, og sikra at kommande planar sikrar omsynet til klima. Det er òg viktig å følgja opp utfordringar som er avdekkja i fylkes-ROS eller i kommunen sin heilskaplege ROS.

Fylkesmannen meiner at utsleppsreduksjon, energiomlegging og klimatilpassing som viktige og sektorovergripande satsingsområde, bør vera eit tema i mange av planane i kommunen.

Fylkesmannen er positiv til at Bokn kommune ynskjer å utarbeide ein oppvekstplan, og gir råd om kva ein slik plan bør innehalde.

Når det gjeld kommunestruktur og kommunesamarbeid uttaler Fylkesmannen følgjande:

*«Fylkesmannen har tidlegare utfordra kommunen på kommunestruktur i samband med kommunereforma. I høyringssvar til offentleg ettersyn av samfunnsdelen, peika me på kommunen sine utfordringar på kvalitet på tenestetilbod og kompetanse på viktige fagfelt. Vidare peika me på kommunen si utstrekke kjøp av tenester frå andre kommunar. Me meiner det ville vore naturleg at kommunen hadde omtalt og vurdert desse utfordringane i planstrategien. Kommunen bør òg vurdere kommunestruktur. Samanslåing med nabokommunane kan gjera kommunen meir rusta for å møte til dømes aukande og komande demografiske og klimatiske utfordringar.*

*I høyringsuttalen til planprogrammet for kommuneplan har me tidlegare uttalt følgjande:*

*«Kommunen har dei siste fire åra hatt ei klar negativ utvikling i folketalet, og prognosar viser at denne utviklinga truleg vil fortsette. Prognosane viser mellom anna at talet skuleelevar vil gå ned, medan talet på eldre vil gå klart opp. I planprogrammet heiter det at kommunen må gjera ei*



*vurdering om kva konsekvensar endring i folketalet vil få for det kommunale tenestetilbodet, økonomi, visjon og målsettingar. Etter vår vurdering bør kommunen ha eit enda sterkare fokus i det vidare planarbeidet på årsaker og konsekvensar den negative utviklinga i folketal vil ha for kommunesamfunnet, enn det planprogrammet no legg opp til.*

*Fylkesmannen har i samband med kommunereforma peika på at Bokn har utfordringar når det gjeld kvalitet på tenestetilbod og kompetanse på viktige fagfelt. Dette kan i aukande grad gjera seg gjeldande i framtida. Me stilte òg spørsmål ved om det er ei framtidsretta løysing å leggja opp til kjøp av tenestetilbod frå Karmøy i det omfanget kommunen legg opp til.»*

*Me meiner dette burde vore omtalt og lagt til grunn som eit viktig premiss i arbeidet med planstrategien. «*

### Kommentar

Som det går fram av merknadane, er Fylkesmannen samd i kommunen si vurdering om å berre revidere arealdelen i kommuneplanen.

Når det gjeld kommentaren om at planstrategien er for generell og mindre eigna til å vurdere kommunen sitt øvrige planbehov, synest det å vera lagt liten vekt på at kommunen nyleg har revidert samfunnsdelen av kommuneplanen, og at det i dette arbeidet er føreteke ei grundig vurdering av relevante utfordringstema i kommunen.

I det vidare planarbeidet er det lagt stor vekt på at det skal vera klår samanheng mellom dei ulike delane av planverket, og planstrategien tek difor utgangspunkt i det utfordringsbiletet som er framkome gjennom arbeidet med samfunnsdelen.

Det har og vore eit styrande prinsipp at planlegginga ikkje skal gjerast meir omfattande enn naudsynt, og at plandokumenta skal gjerast så kortfatta og presise som mogeleg.

Under avsnittet om utviklingstrekk og utfordringar er det difor visst til samfunnsdelen som eit utfordringsdokument, og det er vurdert som mest rasjonelt berre å vise til dette, utan å ta oppatt og sitere dei drøftingane som ligg til grunn for satsingsområda som er valt.

Når det gjeld omfanget av revideringa av arealdelen av kommuneplanen, vil dette verta nærere avklara gjennom arbeidet med planprogrammet,

Dette gjeld også vurdering om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg, om det ligg føre oppdatert kunnskap i materiale i eksisterande nasjonale og regionale planar og utgreiingar, eller om det må hentast inn ny kunnskap basert på lokale tilhøve.

Mellom anna er dette aktuelt knytt til temaet folkehelse, som saman med omsynet til klima- og klimatilpassing vil vera viktige og sektorovergrepande satsingsområde både i arbeidet med arealdelen og ulike temaplanar.

Den eksisterande vassdragsplanen er tenkt nytta som del av kunnskapsgrunnlaget. I utgangspunktet er det ikkje tenkt å føreta ein fullstendig revisjon av denne, men det vil under arbeidet verta vurdert om dette likevel er naudsynt.

Når det gjeld spørsmålet om kommunestruktur, bygger den den førre planstrategien på eit klårt vedtak om at Bokn skal halda fram som eigen kommune, og det er ikkje kome politiske signal om at dette er eit spørsmål som skal vurderast på ny nå.

Kjøp av tenester av Karmøy, har så langt vist seg som ei god og tenleg løysing.

Det interkommunale samarbeidet vil jamnleg verta evaluert, mellom anna som del av ei vurdering av om dette skal utvidast til å gjelde fleire fagområde.

Merknadane frå Fylkesmannen vil verta teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Hans Fave, 20.11.2019

Faye etterlyser orientering om prosessen som ligg til grunn for framlegget til ny planstrategi, og gir uttrykk for at dokumentet synest å bygge på vedtak gjort av det førre kommunestyret, medan dei nye politikarane i liten grad har fått setje sitt eige preg på planpolitikken.

Han meiner og at det manglar eit tydeleg utfordringsdokument som belyser planbehovet fram mot 2023, og at evalueringa av korleis den gjeldande planen har fungert, ikkje er tilfredsstillande gjennomført.

Det vert og etterlyst informasjon om korvidt kommunen greier å oppfylle dei nasjonale og regionale forventningane som er omtala i dokumentet, og opplysningar om korleis dei interkommunale avtalane fungerer, herunder om det er behov for nye avtalar.

Han meiner og at dei utviklingstrekk og utfordringane som det er gjort greie for i samfunnsdelen av kommuneplanen, burde vore teke inn i planstrategidokumentet, og etterlyser prioritert planarbeid for korleis kommune skal leggje til rette for bustadbygging og auka busetting av unge i etableringsfase og barnefamiljar.

Vidare vert det vist til at satsinga på styrke Føresvik som tettstad i for stor grad er knytt til den planlagte utfyllinga i sjøen, og at ein kanskje burde prioritere regulering av bustadfeltet aust for Boknebergsvatnet.

Til slutt saknar han ei drøfting i planstrategidokumentet vedkomande kommunesamanslåing og grunngjeving for strategi, samt ei drøfting og grunngjeving for/i mot ei busetting av flyktningar/innvandrarakar.

Det er Faye si oppfatning at kommunestyremedlemene bør få eit betre grunnlag for vurdering av planbehovet fram mot 2023 og meir tid til å setje seg inn i problemstillingane.

### Kommentar

Faye peikar på eit dilemma knytt til arbeidet med langsiktig kommunal planlegging.

På den eine sida er det sjølvsagt viktig at dei sitjande politikarane får setje sitt preg på planstrategien, og at dei får best mogeleg grunnlag for å kunne gjere dette.

På den andre sida medfører den lovfesta prosessen knytt til t.d. utarbeiding av arealdelen av ein kommuneplan, at dette arbeidet vert så tidkrevjande at det er nærast umogeleg å få fullført dette i ein valperiode dersom dette ikkje vert sett i gong tidleg i perioden.

Det vil difor ofte vere slik, at vedtak knytt til langsiktig planlegging som er gjort i ein valperiode, vert styrande også for arbeidet i den neste valperioden.

Arbeidet med den gjeldande arealdelen av kommuneplanen som vart vedteken i desember 2013 vart t.d. sett i gong i 2008.

Kommuneplanlegging er ein kontinuerleg prosess, der sjølve planen må sjast på som eit augneblinksbilete av sjølve prsessen.

I arbeidet med framlegget til ny planstrategi, er det lagt vekt på å vise eit mest mogeleg samla oversyn over omfanget av aktuelle planar, for å gje politikarane eit grunnlag for å føreta dei prioriteringane som er naudsynt ut frå behov og plankapasitet i kommunen.

Administrasjonen har ut frå sin ståstad, lagt fram sitt framlegg til prioritering, men det må leggjast til grunn at dei nye politikarane, mellom anna gjennom utarbeiding av det program dei har gått til val på, har det naudsynte grunnlaget for å føreta dei justeringane av denne lista som deira ynskje for utvikling av kommunen tilseier.

Dette gjeld også evaluering av korleis den gjeldande kommuneplanen har fungert som styringsreiskap.

Når det gjeld etterlysing av utfordringsdokument, vedtok kommunestyret den 01.10.2019 ny samfunnsdel av kommuneplanen. Denne inneheld ei omfattande drøfting av dei utfordringar kommunen står ovanfor, og val av satsingsområde og tiltak basert på desse.

Administrasjonen har hatt som siktemål at det skal vere ein klår samanheng mellom dei ulike delene

av planverket, og at dei ulike plandokumenta skal gjerast så kortfatta og presise som mogeleg. Planstrategien bygger difor på den nyleg vedtekne samfunnsdelen, og det synes lite føremålstenleg å ta opp att dei vurderingane som er gjort i denne knytt til t.d. utfordringar, bustadbygging etc. Dersom framlegget til prioriteringsliste for planlegging i valperioden vert vedteke, vil nærare vurdering av t.d bustadbehov for ulike grupper verta gjort i arbeidet med revisjon av arealdelen av kommuneplanen, og dette gjeld også tiltak for styrking av Føresvik som tettstad.

Dei nasjonale og regionale forventningane vil liggje til grunn for kommunen sitt planarbeid, og siktemålet er sjølv sagt å oppfylle desse så langt det er mogeleg. Når det gjeld det interkommunale samarbeidet, legg samfunnsdelen opp til at dette skal vere eit satsingsområde, og nye avtalar vil verta vurdert der dette er føremålstenleg. Evaluering av dei gjeldande avtalane vart gjort i mai I 2019, i tilknytning til sak i Kontrollutvalet. Konklusjonen var då at avtalane har fungert godt etter føresetnadane – både i høve til økonomi, kvalitet på tenestene og ikkje minst når det gjeld kapasitet til å handsama sakene innfor gjeldande tidsfristar. Som ein del av arbeidet med å vurdere eventuell utviding av det interkommunale samarbeidet, er det naturleg at dei avtalane som alt ligg føre, vert evaluert på ny.

I spørsmålet om kommunesamanslåing, er det lagt til grunn at dette nyleg er avklåra, og det ligg ikkje føre politiske signal om at det er behov for at ta dette opp til ny vurdering nå. Drøfting og grunngjeving for/i mot ei busetting av flyktningar/innvandrarak synes å liggje noko på sida av det som skal drøftast knytt til den kommunale planstrategien, men kan vera eit tema knytt til arealdelen av kommuneplanen eller ein av dei aktuelle temaplanane.

### **Generell kommentar til utarbeiding av planstrategien**

I kommunen sitt planarbeid, er det i tillegg til statlege og regionale planar og føringar, lagt vekt på at planane og prosessen fram til denne skal tilfredsstillende fylgjande krav:

#### Det skal vera samanheng mellom dei ulike delane av plandokumenta

I arbeidet med framlegg til ny planstrategi er det difor lagt vekt på å fylgje dei vedtaka og signala som går fram av den nyleg vedtekne samfunnsdelen av kommuneplanen.

#### Planane skal lagast innfor ein stram tidsplan

Dette av di det er ynskjeleg at dei politikarane som har sett i gong planarbeidet, skal få fullføre det, men også av di det er viktig at planprosessen ikkje vert så langdryg at deler av planen er forelda før den er vedteken.

Ein langdryg planprosess kan også føre til at engasjementet hjå dei som deltek i planarbeidet minkar ettersom tida går, utan at det ligg føre eit endeleg planframlegg.

#### Planane skal utarbeidast med høg grad av innbyggjarinvolvering og medverknad frå administrasjonen

Arbeidet med rullering av dei ulike deler av kommuneplanen skal springe ut av eit lokalt behov for ein slik plan, og ikkje ut frå eit krav frå overordna organ.

Planstrategien set difor eit sterkt fokus på at planlegginga skal vere behovsstyrt og ikkje gjerast meir

omfattande enn naudsynt. Dette er også nedfelt i § 3-1 tredje ledd plan- og bygningslova om oppgåver og omsyn i planlegging etter lova.

Plandokumenta skal vera så kortfatta og presise som mogeleg

Kommuneplandokument har ein tendens til å bli dryge i omfang og lite brukarvennlege. Etter ferdigstilling endar dei difor ofte som hyllefyll, som stadfesting på Storm P si utsegn om at «Det er viktig å leggje planar, men det er viktigare å vita kor ein har lagt dei»  
Siktemålet i arbeidet med planstrategien, har difor vore å laga eit dokument som er relativt kortfatta og poengtert, og det er av denne grunn ikkje funne føremålstenleg å ta opp att drøftingar og konklusjoner som er teke inn i den nyleg vedtekne samfunnsdelen av kommuneplanen.

**Vurdering:**

Av dei merknadane som er kome fram i høyringsrunden, går det fram at forslaget til Kommunal planstrategi for perioden 2019 - 2023 i all hovudsak er tilfredstillande grunnlag for å vurdere kommunen sitt planbehov i perioden.

Rådmannen vil på dette grunnlaget rå til at fråmlegg til kommunal planstrategi vert endeleg godkjent.

**Vedlegg:**

Dok.nr	Tittel på vedlegg
22.11.2019	Innspill til forslag til planstrategi
22.11.2019	Kommunal planstrategi
22.11.2019	Framlegg til kommunal planstrategi 2019-2023
25.11.2019	NVEs uttalelse - Offentlig ettersyn - Kommunal planstrategi 2019-2023 - Bokn kommune.PDF
02.12.2019	Merknad til Framlegg til kommunal planstrategi 2019 - 2023, Bokn
02.12.2019	Merknad på Framlegg til kommunal planstrategi 2019-2023, sak 05819
06.12.2019	Høyringsfrist planstrategi
06.12.2019	Uttale til kommunal planstrategi 2019 - 2023 - Bokn kommune.PDF
06.12.2019	675746_1_1.PDF
10.12.2019	Bokn kommune - framlegg til kommunal planstrategi 2019 - 2023
10.12.2019	Brev fra Rogaland fylkeskommune
11.12.2019	Uttalelse til forslag til kommunal planstrategi 2019-2023 - Bokn kommune Rogaland (3351271).pdf
18.12.2019	1673257.PDF
08.01.2020	P L A N S T R A T E G I 080120

Vedlegg K-sak  
004/20

**Fra:** Hans Faye <hfaye@online.no>  
**Sendt:** 21. november 2019 21:05  
**Til:** Postmottak  
**Kopi:** Hans Faye  
**Emne:** Innspill til forslag til planstrategi  
**Vedlegg:** Kommunal planstrategi.docx

Til Bokn kommune

## INNSPILL – FORSLAG TIL KOMMUNAL PLANSTRATEGI FOR 2019-2023

Det vises til sak om kommunal planstrategi for perioden 2019-2023 som er lagt ut på høring.

Av saksframlegget framgår det at formannskapet/kommuneplanutvalget drøftet framlegget til planstrategi i møte den 22.10.2019, men det står lite om prosessen som ligger til grunn for innholdet i dokumentet.

For en utenforstående kan det se ut som om forslaget bygger på vedtak og prosesser som er gjort av forrige kommunestyre.

**Kommunedelplan** er ein plan for eit nærare fastsett område, tema eller verksemdsområde. Den skal gje mål og strategiar bygd på dei langsiktige måla som ligg i kommuneplanen. Slike planar skal ha ein handlingsdel som skal rullerast kvart år.

Vi har to typer reguleringsplaner, områderegulering og detaljregulering. Det fylgjer av §§ 12-2 og 12-3. I plan- og bygningslova

**Områderegulering** vert gjennomført av kommunen, eller av andre på oppdrag frå kommunen, når det er behov for å gje meir detaljerte avklaringer av arealbruken.

**Detaljregulering** erstattar bebyggelsesplan i den gamle plan- og bygningslova, og vert nytta for mindre områder og gjennomføring av utbyggingsprosjekter og andre tiltak. Detaljreguleringsplanar kan fremjast av private aktørar, organisasjonar og andre mynde, og av kommunen sjølv.

**Fag- og temaplanar** vert laga for for eit bestemt fagområde eller tema. Plansystemet gjev ikkje klare føringar på når kommunedelplan bør veljast framfor fag- og temaplanar. Fag- og temaplanar har ikkje dei same formelle krav knytt til handsamingsprosessen som kommunedelplanar.

**Tiltaksplan (handlingsplan)** inneheld konkrete framlegg til tiltak for å oppnå ynskte målsetjingar i den overordna planen den er knytt til.

I arbeidet med **planstrategien** bestemmer kommunestyret kva planar som skal videreførast som dei er, kva som skal reviderast og eventuelt kva nye planar som skal lagast.

## Erfaringar med (evaluering av ) gjeldande kommuneplan

Arealdelen i den gjeldande arealdelen av kommuneplanen vart vedteke av kommunestyret 17.12. 2013. På bakgrunn av den vedtekte planstrategien for perioden 2016-2019, vedtok kommunestyret den 19.06.2018 å ta ut 3 bustadområde vest for Føresvik, samt å gjere nokre mindre justeringar av føresegnene.

I det same møtet vart det vedteke å setje i gong arbeidet med å rullere samfunnsdelen av kommuneplanen. Formannskapet vedtok som kommuneplanutval i møte 04.06.2019 å leggje framlegg til ny samfunnsdel ut til offentleg ettersyn.

Samfunnsdelen vart endeleg godkjent av kommunestyret i møte 01.10.2019.

Behovet for endring av den gjeldande kommuneplanen, må ta utgangspunkt i erfaringane med den gjeldande planen.

I Miljøverndepartementet si vegleiing heiter det om dette:

*«Erfaringene med (eller evaluering av) hvordan gjeldende kommuneplan har virket bør inngå som en del av grunnlaget for å vurdere planbehovet i kommunestyreperioden. Vurderingene vil omfatte to adskilte tema:*

- *Hvordan kommuneplanen har virket som politisk og administrativt styringsverktøy*
- *I hvilken grad utviklingen har gått i den retningen som var trukket opp i mål og føringer i gjeldende kommuneplan*

*Vurdering av hvordan gjeldende kommuneplan har fungert som styringsverktøy, kan omfatte;*

- *Hvordan kommuneplanen har blitt brukt som politisk styringsredskap. En eventuell evaluering må gjøres med det sittende kommunestyre.*
- *Hvordan kommuneplanen har blitt brukt som administrativt styringsredskap.*
- *Kan det gjøres endringer i kommuneplanen eller kommunens plansystem som gjør kommuneplanen mer egnet som styringsverktøy?*

*Vurderingene av hvordan kommuneplanen har fungert som styringsverktøy kan gjøres på en enkel måte av administrasjonen, eller mer omfattende som en undersøkelse.»*

Med utgangspunkt i denne vegleiinga, vart det den 27.08.2019 avhalde eit møte mellom kommuneplanutvalet (identisk med formannskapet) og administrasjonen.

Ei grov oppsummering av innspela frå kommuneplanutvalet byggjer opp under vurderinga om at det vil vera hensiktsmessig å revidera føresegnene knytt til kommuneplanen sin arealdel for på denne måten å gjera dei lesarvenlege og eintydige. Det vert vist til betydninga av å sikra eit godt samspel mellom administrasjonen og dei folkevalde i arbeidet. Det vert også peika på viktigheita av å vera praktisk orienterte i utforminga av føresegnene.

Gjeldande kommuneplan har vore ein omfattande og innhaldsrik plan fagleg og faktarelatert sett.

Kommuneplanutvalet meiner at ein, i perioden, har fulgt samfunnsutviklinga utan at dette nødvendigvis relaterer seg til planen som styrande dokument i denne prosessen. Planen har til ein viss grad fungert etter intensjonane. Ein ser behovet for auka konkretisering av komande kommuneplan, gjera den klårare og meir lesarvenleg.

Når det gjeld erfaringa med kommuneplanen som administrativt styringsverktøy, er det henta inn erfaringar frå involverte ressurspersonar i Karmøy kommune samt frå Bokn kommune.

Ei grov oppsummering av innspela frå administrasjonen tilseier at det vil vera hensiktsmessig å revidera føresegnene for på denne måten å gjera dei lesarvenlege og eintydige.

Det vil også vera hensiktsmessig å vurdere behovet for ei anna utforming av kart- data då det kart- tekniske i dag framstår som uklårt og utfordrande å finna fram i.

## Overordna føringar som har betydning for kommunen sitt planbehov

### Nasjonale forventningar

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei bærekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i fylkeskommunane og kommunane sitt arbeid med planstrategiar og planar, og leggjast til grunn for statlege mynde si medvirkad i planlegginga.

I Kommunal- og moderniseringsdepartementet si orientering om Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023, vedteke ved kongelig resolusjon 14. mai 2019, heiter det:

*«Regjeringen vil formidle den nasjonale prioriterte politikken på en tydelig måte, slik at planleggingen i fylkeskommuner og kommuner kan skje effektivt og til beste for innbyggerne i hele landet. Samtidig styrker regjeringen det lokale selvstyret i planleggingen. Det betyr at fylkeskommunene og kommunene får økt ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser. Regjeringen ønsker at regional og lokal samfunns- og arealplanlegging skal være basert på åpen dialog mellom alle parter, der også staten deltar. Et viktig skritt på veien er de nasjonale forventningene.*

*Regjeringen legger vekt på at vi står overfor fire store utfordringer:*

- *Å skape et bærekraftig velferdssamfunn*
- *Å skape et økologisk bærekraftig samfunn gjennom blant annet en offensiv klimapolitikk og en forsvarlig ressursforvaltning*
- *Å skape et sosialt bærekraftig samfunn*
- *Å skape et trygt samfunn for alle*

*De regionale og lokale myndighetene har sentrale oppgaver med å håndtere disse utfordringene. Det gjelder alle kommuner, uavhengig av størrelse og kompetanse. Planlegging er et av deres viktigste verktøy*

*Regjeringen har bestemt at FNs 17 bærekraftsmål, som Norge har sluttet seg til, skal være det politiske hovedsporet for å ta tak i vår tids største utfordringer, også i Norge. Det er derfor viktig at bærekraftmålene blir en del av grunnlaget for samfunns- og arealplanleggingen.»*

## Regionale føringar og planar ( Regional planstrategi)

I Miljøverndepartementet sin vegleiar knytt til utarbeiding av kommunal planstrategi, heiter det mellom anna:

*«Kommunal og regional planstrategi er to helt ulike verktøy i plansystemet. Den regionale planstrategien skal avklare hvilke regionale planer som skal utarbeides i valgperioden, og erstatter kravet om løpende fylkesplanlegging i den tidligere plan- og bygningsloven. Det er ikke lenger krav til at det skal være en samlet fylkesplan for hvert fylke.*

*Kommunene har på sin side krav om at det skal utarbeides en kommuneplan med samfunnsdel og arealdel. Den regionale planstrategien blir derved det eneste obligatoriske element for rullerende regional planlegging.*

*I regional planstrategi avklares de regionale planbehovene i fylkestingsperioden, herunder hvordan pågående og nye regionale planoppgaver skal følges opp. Den enkelte kommune har en rett og en plikt til å delta i dette arbeidet når det berører deres virkeområde (§ 8-3). Samordning av planstrategiarbeidet i en region vil være viktig for å få til en god avklaring av planbehovet i regionen, og hvordan det kan løses gjennom regional plan, interkommunalt plansamarbeid eller kommunalt planarbeid.*

*Fylkeskommunene har et særlig ansvar for å legge til rette for samhandling mellom kommunene, fylkeskommunen og regionale organer i regionens samlede planstrategiarbeid.»*

## Interkommunalt samarbeid

Om dette heiter det i Miljøverndepartementet sin vegleiar:

*«Regionale planbehov kan både løses gjennom regional planlegging og interkommunalt plansamarbeid jf. kapittel 9 i plan- og bygningsloven. Den kommunale planstrategien er også en arena for å avklare behov og planoppgaver som best kan løses gjennom interkommunalt plansamarbeid.*

*Samtidigheten i vurdering av planbehovet på tvers av kommunegrensene er et viktig grunnlag for dette. De fleste kommunene er en del av regioner eller delregioner der det vil være viktig å få vurdert prioriteringen av planoppgaver også i regional og interkommunal sammenheng.»*

## Utviklingstrekk og utfordringar

I samfunnsdelen av kommuneplanen som kommunestyret vedtok 01.10.2019 og planprogrammet for denne, er det gjort nærare greie for utviklingstrekk kommunen må ta omsyn til, slik som t.d.

- Folketalsutvikling
- Aldersamansetjing
- Demokrati
- Kommunen som organisasjon
- Folkehelse
- Samferdsel og kommunikasjon
- Klima, miljø og energi
- Økonomi og nytt inntektssystem

I kortversjonen av planen er utfordringane kommunen står ovanfor ut frå desse utviklingstrekk, oppsummert på fylgjande måte:

«Bokn kommune

- -ynskjer å levere på «Alt er mogleg», men ressursane er få og små
- -opplever høg aktivitet i frivillig sektor, men ser auka slitasje grunna meir arbeid på færre hender
- -ynskjer å tilby eit tilfredstillande tenestetilbod, men grunna høgare forventningar og krav vert ein utfordra på målet kvar dag
- -opplever at utviklingspotensiala for framtida er uavklåra; kva vil realiseringa av Rogfast bety for kommunen?
- -står overfor endringar i demografiske forhold med fleire eldre og færre i arbeid som resultat
- -opplever strammare økonomiske rammer grunna endringar i inntektsoverføringar, lågare skatteinntekter og auka driftskostnader
- -opplever at klima og miljøutfordringar globalt gjer seg gjeldane i endra overvannsproblematikk lokalt»

Basert på det skisserte utfordringsbiletet er fylgjande satsingsområde peikt ut for perioden framover:

1. Bokn kommune prioriterer for befolkningsvekst og bulyst
2. Bokn kommune prioriterer for styrka lokalt næringsliv og auka verdiskaping
3. Bokn kommune prioriterer for interkommunalt samarbeid



4. Bokn kommune prioriterer for auka samhandling og samskaping med lag, organisasjonar og andre aktørar/private

I tilknytning til dei einskilde satsingsområda er det gjort nærare greie for aktuelle tiltak for å bygge opp under desse satsingsområda, og dette er oppsummert i eit handlingsprogram som mellom anna inneheld fleire aktuelle plantiltak.

Satsingsområda og handlingsprogrammet i samsfunnsdelen må danne grunnlag for vurdering av planbehovet i inneverande valperiode.

## Vurdering av planbehovet

### Revisjon av kommuneplanen (samfunnsdel og arealdel)

I tilknytning til utarbeiding av planstrategien for 2016 – 2019, vart det gjort fylgjande vedtak:

*«Det blir ikkje gjennomført hovudrevisjon av gjeldande kommuneplan 2012-2019 i inneverande valperiode 2016-2020. Ein skal likevel gjera endringar i planen, som er naudsynte for at strategiane i dette dokumentet kan bli rettskraftige. Dette gjeld mellom anna geografisk avgrensing av ulike plankrav i sentrumsområda. Det skal arbeidast ut nye retningslinjer for bygging av brygger og naust som er i samsvar med tankane i planstrategien. Økonomiplan og bustadbyggeprogram skal reviderast årleg.»*

Arealdelen i den gjeldande arealdelen av kommuneplanen vart vedteke av kommunestyret 17.12. 2013. På bakgrunn av den vedtekte planstrategien for perioden 2016-2019, vedtok kommunestyret den 19.06.2018 å ta ut 3 bustadområde vest for Føresvik, samt å gjere nokre mindre justeringar av føresegnene.

Ny samfunnsdel av kommuneplanen vart vedteke av kommunestyret 01.10.2019.

Når det gjeld vurdering av den gjeldande kommuneplanen, står kommunen ovanfor fylgjande alternativ:

- Vidareføre gjeldande plan
- Full revisjon
- Berre revisjon av samfunnsdelen eller av arealdelen

Ettersom det nyleg er gjennomført revisjon av samfunnsdelen, er det ikkje naturleg å føreta endringar i denne nå.

I arbeidet med rullering av samfunnsdelen av kommuneplanen er det avdekka tilhøve som gjer det naturleg å rullere arealdelen av planen med dei tilhøyrande føresegnene.

### Kommunedelplanar (areal eller tema)

Utarbeiding av kommunedelplanar er underlagt formelle krav til sakshandsaming inkl. utarbeiding av planprogram og offentleg ettersyn, noko som gjer at desse er ressurskrevande å lage.

I den grad det er mogeleg å velje temaplan i staden for kommunedelplan, vil dette i dei fleste tilfelle vera meir føremålstenleg.

### Større reguleringsplanar som kommunen vil utarbeide (områderegulering)

I tilknytning til planstrategien for 2016 – 2019 vart det ved gjort vedtak om at fylgjande reguleringsplanar skulle startast opp i perioden:

*«Ein skal gå vidare med områdereguleringsplan for området mellom E39 og sjøen sør for Knarholmen så snart det let seg gjera.*

*Det skal utarbeidast detaljreguleringsplan for kollektivterminal ved E39 med venterom, servicetilbod og parkeringsplassar ved E39 på Vestre Bokn.*

*Kommunen vil prioritera planar for å utvida Føresvik sentrum på Holmen og på fylling i sjøs aust og nord for Holmen. For å fremma dette prosjektet vil ein ta bustadområda B9, B10 og B13 vest for Føresvik ut av kommuneplanen. På grunn av knapp tid må saksgangen truleg bli at reguleringsplanen for sentrum - Holmen må handsamast fyrst, og at ein i ettertid legg han inn i kommuneplanen ved neste revisjon. Like eins må ein taka ut områda i vest i denne revisjonen.»*

Områdeplanen for området mellom E39 og sjøen sør for Knarholmen vart starta opp, men grunna problem med å få løyve frå ein av grunneigarane til å føreta kulturhistoriske registreringar, er arbeidet forseinka.

Løyve er no gjeve, og arbeidet med planen er sett i gong att.

Arbeidet med detaljregulering av kollektivterminal ved E39 er ikkje starta opp, ettersom ein slik plan må samordnast med områdeplanen sør for Knarholmen og tilpassast ein framtidig trase for ny E39.

I samband med justering av føresegnene til arealdelen av kommuneplanen, vart dei tre bustadområde vest for Føresvik tekne ut av planen.

Reguleringsplan for å utvida Føresvik sentrum på Holmen og på fylling i sjø aust og nord for Holmen, er ferdig og stadfest av kommunestyret.

## Tema og sektor(fag)planar som ikkje fyl plan- og bygningslova

Det er sett i gong arbeid med å laga ein kulturminneplan for kommunen. Denne vert laga som ein temaplan. Så langt er Sefrak-registeret ajourført og oppdatert digitalt, og registrering av andre aktuelle kulturminne er i gong.

Arbeidet med å lage ein hovudplan for vatn og avlaup er starta opp, likeeins arbeidet med å revidere energi- og klimaplanen.

## Matrise med oversyn over eksisterande og aktuelle planar

Som grunnlag for prioritering av planoppgåver i valperioden, er det laga eit oversyn over allereie vedtekne planar, samt planar som kan vera aktuelle å utarbeide.

I matrisa er det lagt inn framlegg til tidsplan for revisjon av dei einskilde planane, men kommunestyret må i planstrategien gjere vedtak om kva planar som skal prioriterast i perioden. *Sjå matrise side 15- 19.*

Planoversikt	Eksisterende plan		Revisjon/Ny plan				Merknad
	VEDTATT	GJELD TIL	OPPSTART (O) VEDTAK (V)				
			2019	2020	2021	2022	
<b>Kommuneplaner (delplaner)</b>							
<b>Websak nr: 19/3191</b> <b>KOMMUNEPLANENS</b> <b>SAMFUNNSDEL</b> <b>2019-2031</b>	2019	2031					
<b>Websak nr:</b> <b>KOMMUNEPLANENS</b> <b>AREALDEL</b> <b>2012-2024</b>	2013	2024		O		V	
<b>Websak nr: 18/3336</b> <b>KOMMUNEDELPLAN</b>  <i>Idrett og fysisk aktivitet</i> <b>2014-2022</b>	2014	2022					
<b>Websak nr:</b> <b>KOMMUNEDELPLAN</b>  <i>Kystzoneplan for</i> <i>Bokn kommune 2002</i>	2004	?					<i>Planen vil fungere som kunnskapsgrunnlag i arbeidet med rullering av arealdel</i>
<b>Websak nr:</b> <b>KOMMUNEDELPLAN</b>  <i>Vassdragsplan</i> <i>Bokn kommune 1995</i>	1995	?					<i>Planen vil fungere som kunnskapsgrunnlag i arbeidet med rullering av arealdel</i>
<b>Websak nr:</b> <i>Plan for samordning</i> <i>offentleg/frivillig sektor</i>				O (NY)	V		

Planoversikt	Eksisterende plan		Revisjon/Ny plan				Merknad
	VEDTATT	GJELD TIL	OPPSTART (O) VEDTAK (V)				
			2019	2020	2021	2022	
<b>Reguleringsplaner</b>							
<b>Websak nr:</b> Planid.nr 201502: <b>Områdereg.plan E39 Rogfast Arsvågen Næringsområde utfylling NV7 massedeponiet</b>							Det føreligg stadfesta reguleringsplan, men basert på henvendelse frå Statens Vegvesen kan det vera aktuelt å endra denne.
<b>Websak nr:</b> Planid.nr 201503: <b>Områdereguleringsplan for Knarholmen</b>			O	V			
<b>Websak nr:</b> <b>Områdereguleringsplan for Føresvik</b>				O (NY)		V	
<b>Websak nr:</b> <b>Detaljregulering av nordre del Føresvikvegen</b>				O (NY)		V	

Planoversikt	Eksisterende plan		Revisjon/Ny plan				Merknad
	VEDTATT	GJELD TIL	OPPSTART (O) VEDTAK (V)				
			2019	2020	2021	2022	
<b>Temaplaner/Handlingsplaner/Andre</b>							
<b>Websak nr:</b> <b>Hovedplan for vann, avløp</b>			O (NY)	V			
<b>Websak nr: 19/3751 Avfallsplan for hamner i Bokn kommune</b>			OV				

<b>Websak nr:</b> <i>Energi – og klimaplan</i>	2011	2016	O	V			
<b>Websak nr: 16/2040</b> <i>Trafikksikkerhetsplan</i>	2016	2020	O	V			
<b>Websak nr:</b> <i>Kulturminneplan</i>			V (NY)				
<b>Websak nr:</b> <i>Oppvekstplan</i>				O (NY)	V		
<b>Websak nr: 17/2980</b> <i>Oversiktsdokument for folkehelse</i>	2016	2019					
<b>Websak nr:</b> <i>Handlingsplan for folkehelse</i>	2018	2019					
<b>Websak nr:</b> <i>Plan for rekreasjon og aktiv fritid</i>				OV (NY)			
<b>Websak nr: 15/1810</b> <i>Boligsosial handlingsplan</i>	2015	2020					
<b>Websak nr:</b> <i>Plan for fiskeri og Havbruk</i>							<i>Planen (lokal/regional) vil fungera som kunnskapsgrunnlag i arbeidet med rullering av arealdel. NB Sjå i samanheng med regionalt planarbeid på området</i>
<b>Websak nr:</b> <i>Jordvernstrategi</i>							<i>Strategien vil fungera som kunnskapsgrunnlag i arbeidet med rullering av arealdel</i>
<b>Websak nr:</b> <i>Helse- og omsorgsplan</i>			V (NY)				
<b>Websak nr:</b> <i>Handlingsplan Vold i nære relasjoner</i>							
<b>Websak nr:</b> <i>Smittevernplan</i>			V				
<b>Websak nr:</b> <i>Pandemiplan</i>			V				
<b>Websak nr:</b> <i>Ruspolitisk handlingsplan (fellesplan for Bokn, Lund, Forsand, Finnøy, Hjelmeland, Suldal)</i>	2014	2018					
<b>Websak nr:</b> <i>Finansreglementet</i>							Revisjonen skal komme med uttale
<b>Websak nr:</b> <i>Delegasjonsreglementet</i>							Revisjonen skal komme med uttale
<b>Websak nr:</b> <i>Bustadbyggeprogram</i>							

Planoversikt	Eksisterende plan		Revisjon/Ny plan				Merknad
	VEDTATT	GJELD TIL	OPPSTART (O) VEDTAK (V)				
NAVN			2019	2020	2021	2022	
<b>Krise/beredskapsplaner (NB. Oversikta er under bearbeiding og er ikkje endeleg)</b>							
<b>Websak nr:</b> Helhetlig ROS - analyse	2015		O	V			
<b>Websak nr:</b> Beredskapsplan for Bokn kommune	2016		OV				
<b>Websak nr:</b> Beredskapsplan for psykososialt kriseteam	2012 (2018)	2019	OV				
Helseberedskapsplan Del A-D – egne dokumenter?							
Plan for helsemessig og sosial beredskap							
Kriseplan for barnehagen							
Kriseplan for skulen							
Beredskapsplan for dam X (NVE uavklart)?							
Beredskapsplan for vannforsyning (internkontrollsystem)?							
Kriseplan for vassverket?							

Planoversikt	Eksisterende plan		Revisjon/Ny plan				
NAVN	VEDTATT	GJELD TIL	OPPSTART (O) VEDTAK (V)				Merknad
			2019	2020	2021	2022	
<b>Interkommunale (I)/regionale(R) planer</b>							
<b>Utviklingsplan næring (I)</b> <a href="https://haugalandvekst.no/content/uploads/2017/06/Vedtatt-regional-utviklingsplan-i-alle-eierkommunene-sept.2017.pdf">https://haugalandvekst.no/content/uploads/2017/06/Vedtatt-regional-utviklingsplan-i-alle-eierkommunene-sept.2017.pdf</a>	2017						Arkivert hjå Haugaland Vekst IKS
<b>Regionalplan for klimatilpassing Rogaland (R)</b>			Under utarbeiding				
<b>Avfallsplan</b>							<b>Avklare med HIM</b>
<b>Interkommunal kriseplan for olje – og kjemikalieutslepp (I)</b> <a href="https://karmsundhavn.no/iua/">https://karmsundhavn.no/iua/</a>							Arkivert hjå Karmsund Havn IKS, sjå link.



## Framlegg til prioritering av planoppgåver

På grunnlag av dei utfordringane som kommunen står ovanfor og dei satsingsområda som er vedteke i samsfunnsdelen av kommuneplanen, vil Bokn kommune prioritere følgjande planarbeid i den komande valperioden:

### **Kommuneplan/kommuneldelplanar:**

*1.Revidering av arealdelen av kommuneplanen (omfang av revideringa vert nærare avklara i planprogrammet)*

### **Reguleringsplanar:**

- 1.Områdeplan Knarholmen*
- 2.Detaljregulering av nordre del av Føresvikvegen*
- 3.Områdeplan Føresvik*

### **Temaplanar/sektorplanar:**

- 1.Utarbeide hovudplan VA*
- 2.Revidere Energi – og klimaplan*
- 3.Revidere Trafikksikkerhetsplan*
- 4.Plan for samordning offentleg/frivillig sektor*
- 5.Utarbeide Oppvekstplan*
- 6.Revidere heilskapleg ROS*
- 7.Revidere beredskapsplan*
- 8.Revidere finansreglement*
- 9.Revidere delegasjonsreglement*
- 10.Utarbeide Plan for rekreasjon og aktiv fritid*
- 11.Utarbeide Plan for fiskeri/havbruk – NB! Krever avklaring evt. regionalt planarbeid som sikrar kommunen sine planinteresser*

### **Interkommunale planar:**

- 1.Evt.regionalt plansamarbeid fiskeri/havbruk – sjå pkt.11 under «Temaplanar/sektorplanar»*

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldreråd/Råd for personar med funksjonsnedsetjing	14.01.2020	003/20
Formannskapet	14.01.2020	005/20
Kommunestyret	04.02.2020	005/20

Saksansv. Gro Sørensen	Arkiv K1 - 252	Arkivsaknr 20/6
------------------------	----------------	-----------------

### Startlån - revidering av retningslinjer -Bokn kommune

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gjeldande retningslinjer for tildeling av startlån i Bokn kommune sist vedteke av Kommunestyret 11.09.2018 videreføres med fylgjande presiseringar og endringar:

1. Bokn kommunestyre vedtar at Startlån frå Bokn kommune tildeles i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande forskrift om startlån for Husbanken.
1. Bokn kommune vil, dersom lånsøkar kvalifiserer til startlån, prioritere søknader som bygger på ei samfinansiering mellom kommune og bank.

I slike saker får rådmannen fullmakt til å gi startlån opp til 40% av det totale finansieringsbehovet ved kjøp/bygging av bustaden med ein maksimal kostnadsramme på bustad på inntil 4 mill.

1. Andre lånesøknader, der lånsøkar er kvalifisert til startlån, legges fram for formannskapet til endeleg behandling.

#### Eldreråd/Råd for personar med funksjonsnedsetjing 14.01.2020:

#### Behandling:

#### ERPF- 003/20 Vedtak:

Rådet støttar rådmannen sitt forslag til vedtak.

## **Formannskapet 14.01.2020:**

### **Behandling:**

SP foreslår at det skrives et eget punkt kor ein presiserer nærare korleis retningslinjene skal praktiserast.

### **FS- 005/20 Vedtak:**

Rådmannen sitt forslag med tillegg av forslaget frå SP vart samrøysta vedtatt.

### **Kva saka gjeld:**

Revidering av kommunale retningslinjer for tildeling av Startlån i Bokn kommune

### **Bakgrunn for saka:**

Tildeling av Startlån er forankra i retningslinjer gitt for Startlånstildeling av Husbanken og forskrift om lån frå Husbanken nr. 1546, datert 01.12.2019 § 5 -1 til 5-4. Bokn kommune har i tillegg lagt sine føringar på tildeling av Startlån i Bokn kommune der tildeling av startlån også kan gis til innbyggerar som vil etablere i eigen bustad i kommunen enten ved kjøp av brukt bustad eller bygging av ny bustad, jfr. Kommunestyret sitt vedtak av 11.09.2019 i sak 043/18 « Tildeling av Startlån - nye retningslinjer»

### **Saksutgreiing:**

Bokn kommune sine retningslinjer for tildeling av Startlån gir anledning for kommunen ved samfinansiering mellom bank og kommune (startlån) å gje 40 % i Startlån til kjøp eller bygging av bustad. Det blir ikkje satt noe øvre grense på bustadens kostpris i kommunen sine retningslinjer og av den grunn vil ein kunne delfinansiera forholdsvis kostbare bustadar med Startlån frå kommunen dersom Bokn kommune sine retningslinjer ikkje har eit øvre tak på kva bustad kan kosta ved ein samfinansiering av privat bustadlån og Startlån.

Dette er ikkje forenlig med Forskrift om lån frå Husbanken nr. 1546 § 5-3, 3.dje avsnitt som sier «*Boligen skal være egnet for husstanden, nøktern og rimelig sammenliknet med prisnivået på stedet.*»

Prisnivå i Bokn kommune dei siste 2 åra har for brukt bustad vært på mellom 1.8 mill – 2.8 mill og ny bustad 2.1 mill (leilighet) til 4 mill.

Dersom Bokn kommune sine retningslinjer for tildeling av Startlån ikkje har ei øvre grense på kva kostpris ein bustad kan ha for at Startlånstildeling skal kunne gis, vil hensikten med Startlånsmidler i kommunane som er midler utlånt frå Husbanken ikkje oppfylle vilkåret som Startlånsmidler er meint å dekke – «*Boligen skal være egnet for husstanden, nøktern og rimelig sammenliknet med prisnivået på stedet.*»

### **Vurdering:**

### **Vedlegg:**

Dok.nr	Tittel på vedlegg
11.09.2018	Tildeling av Startlån - nye retningslinjer
24.08.2018	Retningslinjer for startlån 2014

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	28.08.2018	029/18
Formannskapet	28.08.2018	050/18
Kommunestyret	11.09.2018	043/18

Saksansv. Jan Erik Nygaard	Arkiv K1 - 252	Arkivsaknr 18/347
----------------------------	----------------	-------------------

### Tildeling av Startlån - nye retningslinjer

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gjeldande retningslinjer for tildeling av startlån i Bokn kommune videreføres med fylgjande presiseringar og endringar:

1. Bokn kommunestyre vedtar at Startlån frå Bokn kommune tildeles i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande forskrift om startlån for Husbanken.
2. Bokn kommune vil, dersom lånsøkar kvalifiserer til startlån, prioritere søknader som bygger på ei samfinansiering mellom kommune og bank.

I slike saker får rådmannen fullmakt til å gi startlån opp til 40% av det totale finansieringsbehovet ved kjøp/bygging av bustaden.

3. Andre lånesøknader, der lånsøkar er kvalifisert til startlån, legges fram for formannskapet til endeleg behandling.

#### **Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma 28.08.2018:**

#### **Behandling:**

#### **SB- 029/18 Vedtak:**

Seniorrådet støttar rådmannen sitt forslag til vedtak.

#### **Formannskapet 28.08.2018:**

#### **Behandling:**

**FS- 050/18 Vedtak:**

Formannskapet støtter samrøystes rådmannen sitt forslag til vedtak.

**Kommunestyret 11.09.2018:****Behandling:****KS- 043/18 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek einstemming rådmannen sitt framlegg til vedtak i saka.

**Kva saka gjeld:**

Forslag til justering av gjeldande retningslinjer for tildeling av startlån etter endring av forskrift om Startlån frå Husbanken

**Bakgrunn for saka:**

Bokn kommune sine retningslinjer for tildeling av Startlån blei vedtatt av kommunestyre 14.10.2014 sak 26/14 og bygde på forskrift om startlån frå Husbanken av 01.04.2014.

Forskriften er seinare endra 21.12.2015 med virkning frå 01.01.2016.

Etter endring av forskriften for startlån for Husbanken og Finanstilsynet sine endra retningslinjer for forsvarleg utlånspraksis er bankane ikkje like villige til å medvirke til samfinansiering av bustadlån med kommunene. Dette har de siste 2 – 3 årene ført til at startlån – i samsvar med intensjonen frå Husbanken - i stor grad har vore nytta til fullfinansiering av bustadkjøpet eller finansiert ein vesentleg større del av kjøpesummen enn det som har vore vanleg tidlegare.

**Saksutgreiing:**

Etter gjeldande forskrift kan startlån og tilskot gis til personar som ikkje får lån i vanleg bank til kjøp av bolig, og som heller ikke har mulighet for å spare.

**Målgruppene for tildeling av startlån:****Barnefamilier**

- Søker har barn og mangler bolig, eller bor i en bolig som ikke er egnet.
- Søker har behov for å sikre en trygg, god og stabil bosituasjon innen kort tid.
- Søker har høy nok inntekt til at du kan betjene et startlån i tillegg til andre nødvendige utgifter.
- Søker ønsker å beholde boligen for deg og barna ved samlivsbrudd.

**Mottar trygd/ offentlige ytelser**

- Søker har lav, men stabil og sikker inntekt, og får ikke tilstrekkelig lån i vanlige banker.
- Søker har høy nok inntekt til at du kan betjene et startlån i tillegg til andre nødvendige utgifter.

**Boliglåntakere med gjelds-problemer**

- Søker har boliggjeld og annen gjeld med høy rente og står i fare for å miste boligen ved tvangssalg.
- Søker klarer ikke å betjene nåværende gjeld, men kan dekke utgiftene og beholde boligen dersom

lånene refinansieres med startlån.

#### **Andre**

- Søker har særlige sosiale eller helsemessige utfordringer, og mangler en egnet bolig.
- Søker har behov for å sikre en trygg, god og stabil bosituasjon innen kort tid..
- Startlån til kjøp eller refinansiering er nødvendig for å kunne opprettholde søkers arbeidsforhold.
- Søker har høy nok inntekt til at du kan betjene et startlån i tillegg til andre nødvendige utgifter.

#### **Unge i etablerings-fasen**

- Ungdom som mangler egenkapital, er **ikke** i målgruppen for startlån.
- Det forutsettes at søker utnytter mulighetene for å spare opp nødvendig egenkapital og søker lån i vanlig bank.

#### **Kva kan finansierast gjennom startlån:**

I hovedsak benyttes startlån til kjøp av bolig. Hvis det er mulig å få grunnfinansiering i privat bank, kan kommunen toppfinansiere. I tilfeller der det ikke er mulig å oppnå grunnfinansiering i privat bank, kan kommunen fullfinansiere.

Søker kan også få:

- hjelp til å bli boende i boligen du har
- refinansiering av et dyrt lån
- utbedring av bolig
- tilpasning av bolig
- nybygget bolig
- toppfinansiering

Boligen skal være nøktern sammenlignet med alternative boliger i nærområdet. Boligen skal også være egnet for husstanden over tid.

#### **Samfinansiering av boligfinansiering mellom kommune og banke.**

Som det går fram av teksten og tabellen nedanfor viser utviklingen at samfinansiering av boligfinansiering mellom kommune og bank er redusert fra 54% av andel saker i 2012 til 31% i 2015.

Det ble utbetalt så vidt i overkant av 7 800 startlån i 2015, en nedgang fra 2014 på 11 prosent. Statistikken (jf. tabell) viser at i 2015 var 31 prosent av utbetalte startlån samfinansiering mellom bank og kommune. Siden 2012 har andelen samfinansiering blitt betydelig redusert (fra 54 prosent i 2012). I samme periode har det også vært en nedgang i antall innvilgede startlån.

**Tabell. Utbetalte startlån 2008-2015 \*)**

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Antall saker med bare startlån/tilskudd	3 468	3 793	4 950	5 604	5 660	5 635	5 117	5 077
Antall saker med samfinansiering	2 402	3 183	4 487	5 201	6 581	5 675	3 653	2 239
Andel antall saker med samfinansiering	41 %	46 %	48 %	48 %	54 %	50 %	42 %	31 %

Tabellen viser at andelen saker med samfinansiering har økt over tid fram til og med 2012, mens den er redusert de tre siste åra. Fra 2013 ble kommunene bedt om å prioritere de vanskeligstilte og fra 2014 fikk man altså forskriftsendringen som innebærer at kommunene i større grad vil fullfinansiere boligkjøpet med startlån. Den nye startlånsforskriften og Finanstilsynets retningslinjer for forsvarlig utlånspraksis har bidratt til at bankene de siste par årene har vært mer restriktive når det gjelder samfinansiering.

Kommunene har som følge av endring i bankenes utlånspraksis og i samsvar med gjeldende startlånsforskrift i større og større grad brukt startlån til fullfinansiering av boligkjøpene.

#### **Tapsdeling mellom Husbanken og kommune**

Tapsdeling innebærer at Husbanken og kommunen deler oppståtte tap på startlån. Kommunene har tapsrisikoen for de første 25 prosent av gjenstående hovedstol samt forfalte renter og omkostninger før realisering av pantet. Staten har tapsrisikoen for et eventuelt restbeløp etter realisering av pantet.

Husbanken dekker normalt ikke noen del av tap som følge av kommunens brudd på finansavtaleloven § 47, dvs. at kommunen som långiver ikke fraråder søker mot å ta opp lån i tilfeller hvor låntakers økonomi eller andre omstendigheter tilsier at låntaker bør vurdere å avstå fra det. Husbanken kan likevel i særlige tilfeller godkjenne deling av tap som har oppstått ved at kravet har blitt redusert gjennom dom eller forlik grunnet manglende overholdelse av finansavtaleloven § 47.

#### **Gjeldende retningslinjer for startlån i Bokn kommune og tildelingspraksis i andre kommunar.**

Dei gjeldande retningslinjene for startlån som blei vedtatt i Bokn kommune i 2014 har begrensningar ut over det ein finn i forskriften om startlån frå Husbanken. Dette gjeld særleg at lånebeløpet normalt skal vere begrensa opp til kr. 400.000,- og max. 15% av lånesummen.

Statistikken dei siste årene viser av startlån i andre kommunar i større grad brukes ved fullfinansiering av boligkjøpet og i mindre grad ved samfinansiering med bank. I den grad det skjer ei samfinansiering utgjør startlånet ofte ei vesentleg større andel enn 15% av lånebehovet.

#### **Vurdering:**

I dei gjeldande retningslinjene for tildeling av startlån i Bokn kommune har ein lagt til grunn at

startlån i all hovudsak skal gis ved samfinansiering med annan bank.

Etter endring av Finanstilsynet sine retningslinjer for forsvarleg utlånspraksis og den ny forskriften om startlån i Husbanken, vegrar mange bankar seg for å medvirke til ei samfinansiering – noko som vanskeleggjer huskjøp for mange.

I samsvar med intensjonen i Husbanken sine regler, er det dei siste åra blitt vanleg i kommunane at kommunalt startlån blir gitt til fullfinansieringa av huskjøp eller gitt til finansiering av ein vesentleg større andel av kjøpesummen enn 15% som i dag gjelder i Bokn.

Det kommunale startlånet er sikra med pant i eigedommen. Kommunen sin økonomiske risikoen er begrensa til dei fyrste 25% av det uteståande lånebeløpet. Dei resterande 75% må dekkast opp av Husbanken.

Sjølv om det på landbasis og særleg i Bokn kommune har vært lite tap på tildelte startlån, gir tildeling av mange store startlån ei aukande økonomiske risikoen for kommunen.

Rådmannen ser det som naturleg og nødvendig at bustadkjøparar i Bokn får nytte dei same statlege/kommunale finansieringsordningane som ein har elles i kommunane. Dersom ei utvida bruk av startlån vil kunne vere med å stimulere til auka bustadbygging og føra til at fleire velger å busetta seg i Bokn, er dette i seg sjølv positivt i forhold til kommunes utfordring når det gjeld utvikling av innbyggartalet.

Med dei begrensningar som ligg i reglane om at søkar må ha ei tilstrekkeleg god nok økonomi til å kunne dekkja alle lånekostnader i tillegg til å dekkja normale utgifter til livsopphald, vil rådmannen rå til at ein opnar for å kunne fullfinansiere bustadkjøp gjennom tildeling av startlån. I tillegg vil ein rå til ei vidareføring av bruk av startlån ved samfinansiering mellom bank og kommune, der dette er mogleg.

Saken legges fram med fylgjande forslag til vedtak:

Gjeldande retningslinjer for tildeling av startlån i Bokn kommune videreføres med fylgjande presiseringar og endringar:

1. Bokn kommunestyre vedtar at Startlån frå Bokn kommune tildeles i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande forskrift om startlån for Husbanken.
2. Bokn kommune vil, dersom lånsøkar kvalifiserer til startlån, prioritere søknader som bygger på ei samfinansiering mellom kommune og bank.

I slike saker får rådmannen fullmakt til å gi startlån opp til 40% av det totale finansieringsbehovet ved kjøp/bygging av bustaden.

3. Andre lånesøknader, der lånsøkar er kvalifisert til startlån, legges fram for formannskapet til endeleg behandling.

**Vedlegg:**



Dok.nr	Tittel på vedlegg
24.08.2018	Retningslinjer for startlån 2014
24.08.2018	Retningslinjer for startlån 2003

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Seniorråd/brukarråd	16.09.2014	016/14	ABG
Formannskapet	16.09.2014	057/14	ABG
Kommunestyret	14.10.2014	026/14	ABG

Saksansv.: Anne Berit Gilje	Arkiv: K1-252 Objekt:	Arkivsaknr 14/463
-----------------------------	--------------------------	----------------------

### Kommunale retningslinjer for Startlån i Bokn kommune.

#### Dokumentliste:

##### Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Kommunale retningslinjer for startlånordninga F 19.03  
Forskrift om startlån frå Husbanken 01.04.2014

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Følgjande endringar gjerar i Kommunale retningslinjer for startlån frå husbanken

##### Punkt 2.

Startlån er behovsprøvd og kan omfatta unge i etableringsfasen, barnefamiljar, einslege forsørgarar, funksjonshemma, flyktningar, personar med opphaldstillatelse på humanitert grunnlag og andre økonomisk vanskelegstilte husstandar.

Kommunen skal vurdere om søkjaren

- Kan venta å ha langvarige problem med å finansiere eid bustad. Langvarige problem kan for unge tyde om lag 5 år. For økonomisk vanskelegstilte må ein vurdere muligheten for om søkjar i nær framtid vil få vesentleg høgare inntekt.
- Har nytta muligheten til sparing innafor de økonomiske muligheter som aktuell inntekt og naudsynte utgifter til livsopphald gjer.

Lånsøklar må dokumentera at husstanden sin framtidige inntekter og eventuelle stønader er tilstrekkelege til å betjena renter og avdrag på lån i tillegg til vanlege levekostnader. Søknaden vil bli avslått dersom kommunen meiner at lånsøkjaren ikkje vil greia framtidig betalingsplikt.

Lånesøknad vil bli avslått om søkjar er ung og har høg inntekt

Lånesøknad vil og bli avslått dersom lånesøklar ikkje nytta høve til å spare dersom det har vært muligheit for det.

Alle husstandsmedlemmer som bidreg til naudsynt inntektsgrunnlag, bør nomarlt også vera låntakarar.

#### Punkt 3

I avsnittet om førehandsgodkjenning leggjas til «*Førehandsgodkjenning gjevas for inntil 6 månader*»

Samt nytt avsnitt:

Tildeling av lån

«*Det krevjas at søkjar har søkt lån i private låneinstitusjonar før eventuelt startlån kan gjevas. Tilsagn om startlån gjevas for inntil 6 månader*».

#### Punkt 4

Andre avsnitt endres til: «*Startlån kan bli gitt som topplån eller som fullfinansiering, men normalt vil kommunen sin del vera 15%*».

### **16.09.2014 FORMANNSKAPET**

Forslag frå SP, T. Nedrebø : dei to siste linjene går ut av vedtaket, sidan det står i Husbanken sine retningslinjer:

«Lånesøknad vil bli avslått om søkjar er ung og har høg inntekt.

Lånesøknad vil og bli avslått dersom lånesøklar ikkje nytta høve til å spare dersom det har vært muligheit for det.»

Forslag frå H, L. Norekvål: Pkt. 4... normalt vil kommunen sin del vera 15 % men kan i visse tilfeller aukast til 20 % max kr 400.000,-.

#### **FS-057/14 VEDTAK:**

Rådmannen sitt forslag vart vedtatt med dei foreslåtte endringane frå SP og H. Vedtaket vart samrøysta.

### **14.10.2014 KOMMUNESTYRET**

#### **KS-026/14 VEDTAK:**

Formannskapet si instilling vart samrøysta vedtatt

### **Kva saka gjeld:**

Endring i kommunale retningsliner for startlån som følgje av ny forskrift om startlån frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

### **Bakgrunn for saken:**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har gitt ny forskrift om startlån frå Husbanken med verknad frå 1. april 2014. Forskriften er ei innskjerping av kven som kan få lån med omsyn til inntekt. Det settes og krav om at søkjara skal ha søkt å skaffa seg lån i private låneinstitusjonar.

Innskjerpinga vil ha størst verkand for unge i etableringsfasen. Ordlyden om dette i forskrifta er: *»Startlån skal tildeles etter en behovsprøving. I vurderingen skal kommunen legge vekt på om søkeren:*

- a. Forventes å ha langvarige problem med å finansiere eid bustad og*
- b. Har benyttet muligheten til sparing innenfor de økonomiske mulighetene søkerens inntekter og nødvendige utgifter til livsopphold gir».*

### **Vurdering:**

Forskriftas formål er å tydeliggjera at startlån skal gjevas til låntakarar som på grunn av låg inntekt og eller andre helsemessige eller sosiale forhold vil ha vanskar med å få lån på det private lånemarked.

I forhold til korleis startlåntildeling har vert praktisert før, vil forskrifta innebera størst endring for unge i etableringsfasen. Unge som er under utdanning, unge som har god utdanning og eller har høg løn vil ikkje kunne få innvilga startlån.

Forslaget til vedtak om endring i dei kommunale retningslinene er meint å spegla dette

Grunnlaget for avgrensinga i tid for tilsagn er at lånemidlane ikkje vert bunden opp for for lang tid. Det er vanleg at det er ei grense på 3 til 6 månader. Her foreslås 6 månader då tilgong på bustader til tider er svært begrensa slik at søkjarar kan bruka long tid på å finne eigna bustad. Også der det ikkje er tale om forhåndsgodkjenning, men konkret bustad, er erfaringa at 3 månader ofte kan bli for knapp.

Forslaget til endringar i retningslinene for startlån inneheld og ein reduksjon frå 20% til 15% som utgangspunkt. Prosenten foreslås slik av det at det er det som krevjas som eigenandel. Sjølsagt kan det høgast i dei tilfella då det vil gjera at lånsøklar kan klara utgiftene til bustad.



# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	04.02.2020	010/20
Kommunestyret	04.02.2020	006/20

Saksansv. Osmund Våga	Arkiv: K1 - 414 Objekt:	Arkivsaknr 20/54
-----------------------	----------------------------	---------------------

### Ansettelse av rådmann i Bokn kommune

**Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:**

**Ansettelsesutvalet sitt framlegg til vedtak:**

- Bokn kommunestyret vedtek at Ingeborg Skjølingstad får tilbud om stilling som ny rådmann i Bokn.
- Ordfører får fullmakt til å forhandla løn og andre tilsettingsvilkår samt å inngå arbeidsavtale.

Boknatun 30. januar 2019

**Kva saka gjeld:**

Ansettelse av rådmann i Bokn kommune

**Bakgrunn for saka:**

Bokn kommune har utlyst ledig stilling som rådmann grunna at noverande rådmann blir pensjonist til sommaren 2020.

**Saksutgreiing:**

For å forberede ansettelse av ny rådmann i Bokn har det blitt nedsatt et rekrutteringsutval.

Det har bestått av Osmund Våga, Lene Ognøy Foss og Kyrre Lindanger som politiske representanter, og Rannveig Øvrebø som representant for dei tilsette. Rekrutteringsfirmaet Madsen-Brekke har bistått med annonsering og kontakt med kandidater.

Det har vore stor interesse for stillinga, og vi har mottatt 16 søknader, 1 har fått unntak fra offentlighet.

5 har senere trukket seg, 2 har vært vurdert som mindre aktuelle.

Det har vært foretatt 9 førstegangs intervju, og 4 andre gangs intervju.

**Vurdering:**

Etter en lang og grundig prosess, der mange kompetente kandidatar har blitt vurdert, er rekrutteringsutvalet samde om å anbefale at Ingeborg Skjølingstad fra Haugesund får tilbud om å bli ansatt som ny rådmann.

Ho har utdanning med hovedfag i statsvitenskap, og arbeider for tida som administrasjonsleiar ved Karmsund vidaregående skule i Haugesund.

Sitter i formannskapet i Haugesund for Ap.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

<b>Styre, utval, komite m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Kommunestyret	04.02.2020	007/20

<b>Saksansv. Jan Erik Nygaard</b>	<b>Arkiv K1 - 048</b>	<b>Arkivsaknr 20/55</b>
-----------------------------------	-----------------------	-------------------------

### Møtereclar for politisk valde i Bokn kommune

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

<skriv her>

**Kva saka gjeld:**

Møtereclar for politisk valde I Bokn kommune

**Bakgrunn for saka:**

Revidering av eksisterande møtereclar I Bokn kommune

**Saksutgreiing:**

<skriv her>

**Vurdering:**

<skriv her>



# Køyrereglar for Kommunestyret

1. Kleskoden skal være «pent antrukket».
2. Vi viser respekt og er høflege når vi snakkar med kvarandre. Vi skal be om ordet og ikkje avbryte kvarandre. Sak og person skal haldast frå kvarandre. Vi skal vere saklege og halde taletida. I debatt skal ein rette henvendingar/kommentarar til ordstyrar.
3. Om ein er ugild i einskildsaker fråtrer ein stolen. Ein kan bli i rommet, og opptre med respekt overfor handsaminga av saka.
4. Vi ynskjer å bli oppfatta som ansvarlege og engasjerte, seriøse og tydelege. Vi skal framstå som saklege og løysingsorienterte, pålitelege og inkluderande.
5. I ombudsrolla ynskjer vi å bli oppfatta som saklege, tilgjengelege og lojale mot avgjersler. Vi skal vere positive rollemodellar og gode talerøyr for innbyggjarane.
6. Vi gjer kvarandre gode som politikarar ved å gje positive tilbakemeldingar, har respekt, støttar og framsnakkar kvarandre.
7. Vi gjer administrasjonen god ved å gje konstruktive tilbakemeldingar og tydelege signal i saker. Vi skal vere tydelege i kva rolle vi har. God kommunikasjon skal ligge til grunn for dialogen.
8. Administrasjonen gjer oss gode ved å gje tilbakemeldingar og tydelege signal, vise til avgrensingar og mogelege val. Saksframstillingar skal vere faglege og informative. Administrasjonen skal vere tydelege i kva rolle dei har. God kommunikasjon skal ligge til grunn for dialogen.
9. Vi kan bli meir effektive i dialog med innbyggjarane ved å ha ei god og informativ heimeside som skal vere tilgjengeleg, samt å nytte sosiale medier for informasjon. Heimesida skal innehalde informasjon om viktige pågåande saker. Kommunen har ansvar for å dele informasjonen på offentlige arenaer.